



Møteinnkalling

Utval:	Kvam herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kvam rådhus, Heradsstyresalen
Dato:	03.12.2024
Tid:	10:00

Bergen, 26.11.2024

Innkalling til møte i kontrollutvalet

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

03.12.2024 kl. 10.00

Møtestad: Kvam rådhus, heradsstyresalen

Møteplan:

Kl. 10.00 - Sakshandsaming

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Stian Skår Ludvigsen, tlf. 413 22 734 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering. Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Stian Skår Ludvigsen møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Trygve Vik
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 9/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 10/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 10.09.2024	2023/427	
	Politiske saker		
PS 39/24	Interimsrevisjonsrapport for 2024	2023/430	
PS 40/24	Lukking av avvik etter tilsynsrapport trygt og godt skulemiljø	2024/26	
PS 41/24	Oppfølging av tilsynsrapport kommunal beredskap og helseberedskap	2024/26	
PS 42/24	Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg - Oppfølging	2023/377	
PS 43/24	Forvaltningsrevisjon innan barnevern - status i arbeidet ved Deloitte	2024/91	
PS 44/24	Møteplan for kontrollutvalet for 2025	2023/426	
PS 45/24	Gjennomgang av møteprotokollar	2023/428	
PS 46/24	Eventuelt	2023/429	
	Referatsaker		
RS 14/24	Referatsaker til møte 03.12.2024	2023/423	

GK 9/24 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2023/427-22
Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	10/24	03.12.2024

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 10.09.2024

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 10.09.2024 vert godkjent.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Godkjend møteprotokoll Kvam KUV 10.09.2024

**Møteprotokoll**

Utval:	Kvam herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Kvam rådhus, Møterom 3 i 3. etasje
Dato:	10.09.2024
Tid:	10:00 - 13:30

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Trygve Vik	Leiar	SP
Borghild Storaas Ones	Nestleiar	AP
Bjarte Helland	Medlem	INP
Jan-Ove Fredheim	Medlem	FRP
Beate Gauden	Medlem	MDG

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Trygve Vik
utvalsleiar

Stian Skår Ludvigsen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 07.05.2024	2023/427	
	Politiske saker		
PS 28/24	Oppfølging av tilsynsrapport kommunal beredskap og helseberedskap	2024/26	
PS 29/24	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk	2022/182	
PS 30/24	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar	2022/255	
PS 31/24	Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg - Handlingsplan	2023/377	
PS 32/24	Deloitte presenterer revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll 2024 for Kvam herad	2023/430	
PS 33/24	Avlysing av møte 22.10.2024	2023/426	
PS 34/24	Budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad 2025	2024/43	
PS 35/24	Forvaltningsrevisjon innan barneverntenesta - Forslag til prosjektplan	2024/91	
PS 36/24	Kurs i regi av Deloitte 2024/2025	2023/424	
PS 37/24	Gjennomgang av møteprotokollar	2023/428	
PS 38/24	Eventuelt	2023/429	
	Referatsaker		
RS 13/24	Referatsaker til møte 10.09.2024	2023/423	

GK 7/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 10.09.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det blei fatta slikt samrøystes vedtak:

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent

GK 8/24 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 07.05.2024

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 07.05.2024 vert godkjent.

Saksprotokoll 10.09.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Ingen merknader til protokollen.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 07.05.2024 vert godkjent.

PS 28/24 Oppfølging av tilsynsrapport kommunal beredskap og helseberedskap

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg at det ved utsettinga av ROS-analysen har teke tid for Kvam herad å lukke dei to lovbrota som kom fram i dette tilsynet, men ser viktigheita av at arbeidet er godt gjennomført og forankra.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg orientering om status i denne saka til møte i utvalet i 03.12.2024, med frist for levering til sekretariatet innan 15.11.2024.

Saksprotokoll 10.09.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om saka, og nemde at det var blitt stilt spørsmål frå rådmannen om kontrollutvalet har behov for desse tilsynsoppfølgingane, når tilsyna uansett må svarast ut til tilsynsmynda.

Utvalet hadde ein kort diskusjon rundt denne problemstillinga, og ser behovet for å få orienteringar om tilsyna, mellom anna fordi kjennskap til tilsyn reduserer risiko for dobbeltkontroll og overbelastning av administrasjonen.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg at det ved utsettinga av ROS-analysen har teke tid for Kvam herad å lukke dei to lovbrota som kom fram i dette tilsynet, men ser viktigheita av at arbeidet er godt gjennomført og forankra.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg orientering om status i denne saka til møte i utvalet i 03.12.2024, med frist for levering til sekretariatet innan 15.11.2024.

PS 29/24 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser det som positivt at Kvam herad i hovudsak er ferdig med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk, men tar til orientering at det står litt att kva gjeld det psykososiale arbeidsmiljøet og yringskultur.
2. Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg orientering om status i forbetningsarbeidet etter denne forvaltningsrevisjonen for punkt 5 til møte i utvalet i september 2025. Inkludert i denne statusen bør det vere med ei eigenevaluering av om tiltaka har hatt eller kjem til å ha tenkt effekt.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 19.08.2025.

Saksprotokoll 10.09.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om saka og sekretariatet si vurdering at det vidare arbeidet med oppfølging av handlingsplanen anten er knytt til oppfølging etter tilsyn frå Arbeidstilsynet, eller i stor grad er del av det kontinuerlege arbeidet, og at det ved neste tilbakemelding kan vere hensiktsmessig å få ei eigenevaluering frå rådmannen på kor godt tiltaka har hjelpt til å betre det psykososiale arbeidsmiljøet og yringskulturen. Tiltaka må ha fått litt tid til å verke før det let seg gjere å evaluere dei.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser det som positivt at Kvam herad i hovudsak er ferdig med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk, men tar til orientering at det står litt att kva gjeld det psykososiale arbeidsmiljøet og yringskultur.
2. Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg orientering om status i forbetningsarbeidet etter denne forvaltningsrevisjonen for punkt 5 til møte i utvalet i september 2025. Inkludert i denne statusen bør det vere med ei eigenevaluering av om tiltaka har hatt eller kjem til å ha tenkt effekt.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 19.08.2025.

PS 30/24 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå rådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage i Kvam herad til orientering.
2. Kontrollutvalet takkar for ei særskild fylldig og god tilbakemelding, ser at det har vore eit tidkrevjande og omfattande arbeid, og takkar for forbetringsarbeidet som har vore gjort.
3. Kontrollutvalet merkar seg at arbeidet med oppfølging av forvaltningsrevisjonen har vore godt og gjeve gode resultat, og vonar at det gir seg resultat i vidare redusert sjukefråvær. Kontrollutvalet har på noverande tidspunkt ikkje behov for fleire orienteringar i saka, og vel å lukke ho.

Saksprotokoll 10.09.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om saka, og at ein var svært nøgd med orienteringa som var oversendt, og at sekretariatet vurderer at oppfølginga kan lukkast.

Sekretariatet viste video om korleis kommunen har jobba med å redusere sjukefråværet, som har blitt oversendt i samband med orienteringa.

Utvalet hadde ein diskusjon om kommunen sitt arbeid med oppfølginga av forvaltningsrevisjonen spesielt og arbeidet med sjukefråvær generelt.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå rådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage i Kvam herad til orientering.
2. Kontrollutvalet takkar for ei særskild fylldig og god tilbakemelding, ser at det har vore eit tidkrevjande og omfattande arbeid, og takkar for forbetringsarbeidet som har vore gjort.
3. Kontrollutvalet merkar seg at arbeidet med oppfølging av forvaltningsrevisjonen har vore godt og gjeve gode resultat, og vonar at det gir seg resultat i vidare redusert sjukefråvær. Kontrollutvalet har på noverande tidspunkt ikkje behov for fleire orienteringar i saka, og vel å lukke ho.

PS 31/24 Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg - Handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek handlingsplanen for oppfølging av forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg til orientering.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen orientere om status/vedtak på den kommunale eigedomsstrategien til kontrollutvalet sitt møte 03.12.2024.
3. Orienteringa skal vere skriftleg, og vise korleis heradsstyret sine vedtak punkt 1-6 i HST 021/24 er innarbeidd i strategien.
4. Orienteringa sendast sekretariatet innan 12.11.2024.

Saksprotokoll 10.09.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om saka og om si vurdering om at vidare oppfølging av handlingsplanen nødvendigvis må følgjast av dei politiske utvala, når handlingsplanen blir bakt inn i eigeomsstrategien.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek handlingsplanen for oppfølging av forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg til orientering.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen orientere om status/vedtak på den kommunale eigeomsstrategien til kontrollutvalet sitt møte 03.12.2024.
3. Orienteringa skal vere skriftleg, og vise korleis heradsstyret sine vedtak punkt 1-6 i HST 021/24 er innarbeidd i strategien.
4. Orienteringa sendast sekretariatet innan 12.11.2024.

PS 32/24 Deloitte presenterer revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll 2024 for Kvam herad

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimrevisjonsrapport 2024 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 03.12.2024 med frist for levering til sekretariatet innan 19.11.2024.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2024 skal handsamast, normalt i april/mai-møtet i 2025, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Saksprotokoll 10.09.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Vegard Stråbø orienterte om saka og svarte på spørsmål.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimrevisjonsrapport 2024 vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 03.12.2024 med frist for levering til sekretariatet innan 19.11.2024.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2024 skal handsamast, normalt i april/mai-møtet i 2025, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

PS 33/24 Avlysing av møte 22.10.2024

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet avlyser planlagt møte 22.10.2024.
2. Saker som skulle opp i møtet flyttast til møte i kontrollutvalet 03.12.2024.
3. Fristar for oversending av orienteringar til kontrollutvalet gjeld som før.

Saksprotokoll 10.09.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om saka og kommande saksmengder.

Kontrollutvalet avventa vedtak i saka til dei var ferdige med andre saker i møtet, og tok vedtaket til sist.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet avlyser planlagt møte 22.10.2024.
2. Saker som skulle opp i møtet flyttast til møte i kontrollutvalet 03.12.2024.
3. Fristar for oversending av orienteringar til kontrollutvalet gjeld som før.

PS 34/24 Budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad 2025

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad for 2025 inkludert eventuelle endringar som vert gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgje sak frå rådmannen om budsjett for 2025 for Kvam herad og fram til handsaming i heradsstyret. Heradsstyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2025.

Saksprotokoll 10.09.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om saka og svarte på spørsmål.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Påskrift frå sekretariatet: Kontrollutvalet gjorde inga endringar i budsjettframlegget. Derfor utgår ordlyden "inkludert eventuelle endringar som vart gjort i møtet" frå punkt 1.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad for 2025.
2. Budsjettforslaget skal følgje sak frå rådmannen om budsjett for 2025 for Kvam herad og fram til handsaming i heradsstyret. Heradsstyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2025.

PS 35/24 Forvaltningsrevisjon innan barneverntenesta - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan barneverntenesta i Kvam herad frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 24.09.2024. Dersom korrigeringar, har kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna den endelege prosjektplanen.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, under føresetnad av at maksimalt 258 timar fakturerast i 2024.
4. Det vert også akseptert følgjande opsjonar:
 - a) Inkludering av problemstillingar knytt til fosterheimar i forvaltningsrevisjonen, inntil 85 timar.
 - b) Presentasjon av rapporten i Kvam heradsstyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 19.08.2025, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Saksprotokoll 10.09.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Beate Gauden (MDG) ba om å få vurdert sin gildskap grunna nær relasjon til tidlegare fosterbarn.

Bjarte Helland (INP) ba om å få vurdert sin gildskap grunna at han er fosterforelder til eit barn frå anna kommune, og dermed underlagt tilsyn frå Kvam herad.

Revisor opplyste om at det ikkje er aktuelt å gå inn i gamle saker, men at det er aktuelt å gå inn i Kvam si tilsynsrolle ovanfor fosterheimar med barn frå andre kommunar.

Gauden og Helland trådte frå første votering over gildskap. Eit samstemt utval fann Beate Gauden gild.

Helland trådte frå andre votering over gildskap. Eit samstemt utval fann Bjarte Helland ugild.

Forvaltningsrevisor, Annbjørg Ryssdal, orienterte om prosjektplanen og svarte på spørsmål.

Det blei ytra ønske om å intervjuer fosterforeldre. Revisor meinte det kunne la seg gjere å intervjuer interesseorganisasjon for fosterforeldre. Revisor vil leggje til ei setning om dette i revidert prosjektplan, og evt. kome tilbake til kontrollutvalet med behov for fleire timar i tilleggsbestilling om det er aktuelt.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan barneverntenesta i Kvam herad frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 24.09.2024. Dersom korrigeringar, har kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna den endelege prosjektplanen.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, under føresetnad av at maksimalt 258 timar fakturerast i 2024.
4. Det vert også akseptert følgjande opsjonar:
 - a) Inkludering av problemstillingar knytt til fosterheimar i forvaltningsrevisjonen, inntil 85 timar.

- b) Presentasjon av rapporten i Kvam heradsstyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 19.08.2025, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

PS 36/24 Kurs i regi av Deloitte 2024/2025

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan i samband med møte i kontrollutvalet i _ 202_.
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Kvam herad.

Saksprotokoll 10.09.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om Deloitte sine kurstilbod.

Utvalet diskuterte seg fram til eit felles forslag om kurs i arkivering, journalføring og offentlegheit.

Det vart og ønska at kurset blei opna for inviterte frå gruppeleiarar og administrasjon.

Det blei fatta slikt samrøystes vedtak:

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan arkivering, journalføring og offentlegheit i samband med møte i kontrollutvalet i februar 2025.
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Kvam herad.

PS 37/24 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

Saksprotokoll 10.09.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Trygve Vik viste til miljø-, plan- og bygningsutvalet der det blei vedteke retningslinjer for SMIL-tilskot 2024-2028 i mai-møtet.

Bjarte Helland viste til at heradsstyret har vedteke endringar i lokale forskrifter i forhold til ny opplæringslov.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

PS 38/24 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 10.09.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet viste til ferskt høyringsbrev frå FKT om orienteringar frå kommunedirektør, og spurte om det var ønskeleg om utvalsleiar fekk fullmakt til å svare på høyringa.

Utvalet diskuterte problemstillinga og blei sams i å ikkje fremje noko forslag til vedtak.

Utvalsleiar viste til mediaoppslag om kommunen sin stopp av postliste til over sommaren. Viser til at dei har bestilt kurs innan arkivføring, og tenker at kontrollutvalet kan følgje opp dette etter kurset.

Diskusjon om møteplan. Ønske å få møteplan fram til møtet i desember viss mogleg.

Det blei ikkje fremma forslag om vedtak under eventuelt.

Ingen vedtak fatta.

RS 13/24 Referatsaker til møte 10.09.2024

Saksprotokoll 10.09.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet blei beden om å følgje opp brevet til statsforvaltaren.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Referatsakene vert teken til orientering



Saksframlegg

Saksnr: 2023/430-34

Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	39/24	03.12.2024

Interimsrevisjonsrapport for 2024

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimsrevisjon 2024 for Kvam herad frå Deloitte til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal presentere resultatet av den gjennomførte interimsrevisjonen i Kvam herad for rekneskapen for 2024.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Rapportering etter interimsrevisjon Kvam herad 2024.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Kvam herad har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i heradet, jf. kommunelova § 23-2, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) *kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte»*

Videre har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at heradet har ein forsvarleg revisjon, jf. forskrift om kontrollutvalg § 3, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) *kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
b) *regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
c) *regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskapen vert revidert på ein tryggande måte og halde seg laupande orientert om revisjonsarbeidet, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

Interimsrevisjon kan forklarast slik:

Interimsrevisjon er den revisjonen som vert gjennomført i løpet av året for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som føresett gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

I møte i kontrollutvalet 10.09.2024 orienterte Deloitte om sin revisjonsplan, om rekneskapsrevisjonen så langt i 2024 og presenterte risikovurdering for etterlevingskontroll for rekneskapen for 2024.

I dette møtet skal dei presentere oppsummeringa av dette arbeidet. Presentasjonen av denne oppsummeringa, vil på same måte som presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll, vera eit ledd i å sjå til at Kvam herad sine rekneskapar vert revidert på ein tryggande måte og at Kvam herad har ein forsvarleg revisjon.

På bakgrunn av det som kjem fram i presentasjonen bør kontrollutvalet, slik sekretariatet ser det, få høve til å komme med forslag til fokusområde i årsoppgjersrevisjonen som skal gjennomførast framover, dersom dei ønsker det, sjølv om det er revisjonen som avgjer kva dei skal sjå på.

Det er verd å merke seg at revisor i vedlagd oppsummering opplysar om «Ingen observasjonar som medfører vesentlege endringar i planlagt revisjonsstrategi».

Oppsummeringa ligg ved.


Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar oppsummeringa etter interimsrevisjonen for 2024 frå Deloitte AS til orientering.




Rapportering etter interimsrevisjon 2024

Kvam Herad 2024



Revisjonsplan


Kvam Herad 2024





Internkontroll knytt til finansiell rapportering



Vi har vurdert internkontrollen som er relevant for den finansiell rapporteringa i kommunen sine sentrale verksemdsprosessar. Dette inneber at vi har vurdert både dei overordna prinsippa for internkontroll og de viktigste kontrollaktivitetane for sentrale verksemdsprosessar.



Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2024

Risiko- og vesentlegheitsvurdering

- 1 Lån
- 2 Investeringsprosjekt
- 3 Sjølvkost
- 4 Offentlege anskaffingar



Kontroll av at:

- Lånevedtak for 2024 gjev heimel for årets låneopptak
- Låneopptak er innanfor vedtekne lånerammer
- Årets rekneskapsførte og betalte avdrag er i samsvar med kommunelova §14-18

«Kommunane sin adgang til å ta opp lån er strengt regulert i kommunelova §§14-14 – 18»



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the “Deloitte organization”). DTTL (also referred to as “Deloitte Global”) and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our global network of member firms and related entities in more than 150 countries and territories (collectively, the “Deloitte organization”) serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte’s approximately 415,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms or their related entities (collectively, the “Deloitte organization”) is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser.

No representations, warranties or undertakings (express or implied) are given as to the accuracy or completeness of the information in this communication, and none of DTTL, its member firms, related entities, employees or agents shall be liable or responsible for any loss or damage whatsoever arising directly or indirectly in connection with any person relying on this communication. DTTL and each of its member firms, and their related entities, are legally separate and independent entities.



Saksframlegg

Saksnr: 2024/26-28

Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	40/24	03.12.2024

Lukking av avvik etter tilsynsrapport trygt og godt skulemiljø

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet takkar for informasjonen og tek til orientering at avvik etter tilsyn med kommunen sitt arbeid for å sikre eit trygt og godt skulemiljø har blitt lukka.
2. Kontrollutvalet noterer seg den store mengda tiltak som følgde tilsynet, og ber revisor merke seg tilsynsrapporten og rådmannen sine orienteringar i saka til framtidig revidering av plan for forvaltningsrevisjon.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal bli orientert om status for lukking av avvika som kom fram i tilsynsrapport med kommunen sitt arbeid for å sikre eit trygt og godt skulemiljø – Øystese skule. Trygt og godt skulemiljø står oppført som uprioritert prosjekt i heradet sin plan for forvaltningsrevisjon.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Orientering om staus i Kvam herad sitt arbeid med eit trygt og godt skulemiljø.pdf
- 2 Handlingsplan etter tilsyn med kommunane sitt arbeid med trygt og godt skulemiljø, Kvam herad, Øystese skule oppdatert sept24.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet i Kvam herad 20.02.2024 vart tilsynsrapport med kommune sitt arbeid for å sikre eit trygt og godt skulemiljø – Øystese skule lagt fram som referatsak RS 5/24. Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen orientere både munnleg og skriftleg i møte 07.05.2024 om status for lukking av pålegga som kjem fram i punkt 6 tilsynsrapport "Kvam herad sitt arbeid for å sikre trygt og godt skulemiljø".
2. Den skriftlege tilbakemeldinga må også innehalde korrespondansen mellom Kvam herad og Statsforvaltaren etter 15.12.2023 i denne saka.
3. Den skriftlege tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 16.04.2024.

Til handsaminga i kontrollutvalet 07.05.2024 kom det med 16 vedlegg i saka.¹ Det blei i dette møtet orientert om at statsforvaltaren har avslutta tilsynet.

I kontrollutvalet sitt møte 07.05.2024, sak PS 20/24 vart det gjort slikt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet merkar seg som positivt at Kvam herad er komme godt i gang med forbetningsarbeidet etter tilsyn med kommunen sitt arbeid for å sikre eit trygt og godt skulemiljø, men at det framleis står ein del arbeid att.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg orientering om status i denne saka til møte i utvalet 22.10.2024
3. Den skriftlege tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 01.10.2024.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhente informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av vedtaket i sak PS 20/24 har sekretariatet motteke skriftleg orientering om status for oppfølging av tilsynsrapport med kommunen sitt arbeid for å sikre eit trygt og godt skulemiljø – Øystese skule.

Det går fram av rapporteringa at det er iverksett 66 tiltak. På berre eitt av tiltaka var det attståande arbeid på to av seks skular, med frist 1. november. Dei fleste tiltaka medfører kontinuerleg arbeid for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for alle elevane i Kvam.

På bakgrunn av det som går fram over bør kontrollutvalet avslutte si oppfølging av tilsynet.

Kontrollutvalet bør likevel be revisor om å merke seg tilsynsrapporten og rådmannen sine orienteringar i saka til framtidig revidering av plan for forvaltningsrevisjon, da trygt og godt skulemiljø står oppført som uprioritert prosjekt i heradet sin plan for forvaltningsrevisjon.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet takkar for informasjonen og tek til orientering at avvik etter tilsyn med kommunen sitt arbeid for å sikre eit trygt og godt skulemiljø har blitt lukka.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet noterer seg den store mengda tiltak som følgde tilsynet, og ber revisor merke seg tilsynsrapporten og rådmannen sine orienteringar i saka til framtidig revidering av plan for forvaltningsrevisjon.

¹ Vedlegga blei lagt ved e-post i tillegg til den ordinære møteinnkallinga.



Kvam Kontrollutval v/Stian Skår Ludvigsen

Vår ref.: DokumentID 24/24480

Dykkar ref.:

Dato: 24.09.2024

ORIENTERING OM STAUS I KVAM HERAD SITT ARBEID MED EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ

Rådmannen viser til vedtak i kontrollutvalet 07.05.24 der utvalet ber om ei ny skriftleg tilbakemelding om status i saka til møte 22.10.24.

I samband med tilsynet vart det utarbeida ein handlingsplan som synte korleis forbetringsarbeidet skulle utførast. Då kontrollutvalet hadde møte i mai var noko av arbeidet gjennomført, medan ein del arbeid skulle gjennomførast utover våren, og andre tiltak hadde fristar no i haust.

For å informera kontrollutvalet om framdrifta i arbeidet legg rådmannen difor med handlingsplanen i tilbakemeldinga. I kolonna til høgre kan utvalet sjå status i arbeidet per 13.09.24. Status er gjennomgått i skuleeigar sitt møte med rektorane (rektormøte) 11.09.24.

Som kontrollutvalet også vart orientert om i vår, har Statsforvaltaren i Vestland avslutta tilsynet.

I tillegg til konkrete tiltak i handlingsplanen vert det jobba kontinuerleg for å sikra eit trygt og godt skulemiljø for alle elvane i Kvam. I ny opplæringslov som gjeld frå 01.08.24 er retten til trygt og godt skulemiljø flytta frå kap. 9A til kap. 12. I §12-2 står det at «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, *inkludering*, trivsel og læring. Inkludering er teke inn for å gje ei meir dekkande skildring av kva som skal til for at eit skulemiljø skal vera trygt og godt.

Vidare er det endringar i ordlyd og presiseringar i førearbeida. Dette fører til ein ny gjennomgang og endring av alle rutinar, malar og planar som gjeld trygt og godt skulemiljø i Kvam. Arbeidet er i stor grad fullført, men det kan framleis ta litt tid til for å endra eit så innarbeidd uttrykk som «kap. 9A» i daglegtaleten.

Hausten 2024 har Statsforvaltaren i Vestland ei kursrekkje og som gjeld ny opplæringslov, og dei har i tillegg utarbeidd informasjonsvideoar som tek for seg trygt og godt skulemiljø. Dette vil også hjelpa heradet å halda seg oppdatert og handla rett slik at elevar opplever å

ha det trygt og godt, men også å handtera saker når elevar kjenner at dei ikkje har det trygt og godt.

Helsing

Anita Hesthamar

Rådmann

Telefon: 916 17 909

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Anna Mo-Bjørkelund

Inga Lill Tolo

Vedlegg:

13.09.2024

Tittel:

Handlingsplan etter tilsyn med kommunane sitt arbeid med trygt og godt skulemiljø,
Kvam herad, Øystese skule oppdatert sept24

Handlingsplan etter tilsyn med kommunane sitt arbeid med å sikre eit trygt og godt skulemiljø, Kvam herad – Øystese skule. Tilsynsrapport 15.12.2023

Oppdatert for tilbakemelding til kontrollutvalet, september 2024

Delplikt	Pålegg -kva må løysast?	Tiltak for gjennomføring	Ansvar	Frist	Status september 2024
Plikta til å varsle i skulemiljø-saker	At alle som arbeider på skulen varslar ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenka av ein som arbeider på skulen	Trygt og godt skulemiljø er fast sak på møte for fagarbeidarane ein gong pr. måned	Rektor	Tiltak er sett i verk og vert eit kontinuerleg tiltak vidare.	Gjennomgang ved oppstart av skuleåret. Ein skule har gjennomgang i september.
		Trygt og godt skulemiljø er tema i lagmøte. <i>Vedlegg: Lagmøte Øystese skule</i>	Rektor	Tiltak er sett i verk og vert eit kontinuerleg tiltak vidare.	Alle skulane har dette som fast punkt på lagmøte.
	Kva må løysast? Delpliktene i kap. 9A må tydeleggjerast for alle tilsette. Plikta om å varsle er den same for alle som arbeider i skulen. Særleg tryggja fagarbeidarar på at dei er gode på oversikt, har kompetanse og eit sjølvstendig ansvar når det gjeld varsling. Det må innarbeidast ein felles terskel for når ein skal varsle rektor om ei sak.	I møte for fagarbeidarar og på lagmøte skal det gjennomførast caseøvingar. Case vert henta frå udir.no, samt bruk av anonymiserte reelle case frå skulekvardagen.	Rektor	Tiltak er sett i verk og vert eit kontinuerleg tiltak vidare.	Alle skulane lagar plan for når det skal vera caseøving.
		Implementering av Betre tverrfagleg innsats (BTI). Kva gjer eg når eg er uroleg for eit barn? Kvam herad har eigen koordinator for arbeid med BTI som mellom anna støtter skulane med implementering av systemet/verktøyet. Det er eit aktivt fokus og ei prioritert oppgåve å implementera BTI i heile oppvekstfeltet.	Rektor	Tiltak er sett i verk og vert eit kontinuerleg tiltak vidare.	BTI er gjennomgått kring skulestart. Rektor får påminning i internkontrollsystemet Moava IKO.

		Trygt og godt skulemiljø er ein del av oppfølgingsordninga i Kvam herad.	Rektor/ skuleeigar	Gjennomgåande skuleåret 2023/24	Foreldremøte 16. september. Innlegg og refleksjonsoppgåver v/ Guttorm Helgøy
		Trygt og godt skulemiljø er tema for alle tilsette på planleggingsdag 15. mars 2024.		15. mars 2024	Gjennomført. Innlegg ved Guttorm Helgøy. Gjennomgang av rutine og system for undersøking og kartlegging.
		Trygt og godt skulemiljø er tema på rektor sitt møte i utviklingstida på skulane og på rektormøte for rektorane i heradet .	Rektor/ skuleeigar	Tiltak er sett i verk og vert eit kontinuerleg tiltak vidare	Fast sak på møte i utviklingstida.
		Møte mellom kontaktlærer og avdelingsleiar etter utviklingssamtalane som er mellom kontaktlærer og elevar/foreldre. Avdelingsleiar får nødvendig informasjon om sårbare elevar og trygt og godt skulemiljø.	Avdelingsleia r	Innan veke 45 og veke 17 årleg (Øystese skule)	Tiltaket er formidla til alle skulane og dette er felles praksis.
	At rektor varslar skuleeigar i alvorlege tilfelle og ved mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen har krenka ein elev Kva må løysast? Det må vera tydeleg for rektorane i heradet kva som er ei alvorleg sak, og når skuleeigar skal varslast.	Rutine for når rektor skal varsla skuleeigar er revidert og skal gjennomgåast i skuleleiarmøte. I rutinen er det forklart kva som vert rekna som ei alvorleg sak.	Skuleeigar	29. mai 2024	Gjennomført
		Kvam herad har rutinar for når skuleeigar skal varslast dersom ein som arbeider på skulen krenker ein elev. Rutinen må gjennomgåast på ny for å sikra at alle er gjort kjent med den.	Skuleeigar	29. mai 2024	Gjennomført
		Utarbeida ein overordna ROS og beredskapsplan for skule og SFO vinteren	Skuleeigar/ rektor	Utført Gjennomgang 29. mai	Gjennomført

	Kva må løysast? Betre internkontroll for skuleeigar	2024. Her finn ein aksjonskort for svært alvorlege mobbesituasjonar.			
		Etter gjennomgang 29. mai, har rektor ansvar for å syna nye rutiner til alle tilsette.	Rektor	1.september 2024	Alle skulane har plan for gjennomføring.
		Skuleeigar startar opp med kvalitetsdialog som ein del av internkontrollen skuleåret 2024/25. I denne dialogen skal aktivitetsplikta vera eit fast tema.	Skuleeigar	Oppstart haust 2024, deretter 3g.pr år.	Oppstart september 2024. Innkalling er sendt ut og prosedyrer er laga.
	Alle som arbeider på skulen varslar i tide, avhengig av situasjonens alvorsgrad Kva må løysast? Delpliktene i kap. 9A må tydeleggjerast for alle tilsette. Arbeida for felles terskel for når det skal varslast. Kva vil det seia å varsle i tide?	Alle tilsette skal nytta BTI ved uro for eit barn, uavhengig av kva uroa gjeld. Dersom det viser seg at uroa gjeld at ein elev ikkje har det trygt og godt, skal rutinane for dette følgjast vidare. Definer uroa for eit barn, nivå 0, steg 1 og 2 Kvam herad har eigen koordinator for arbeid med BTI som mellom anna støtter skulane med implementering av systemet/verktøyet. Det er eit aktivt fokus og ei prioritert oppgåve å implementera BTI i heile oppvekstfeltet.	Rektor	Tiltak er sett i verk og vert eit kontinuerleg tiltak vidare.	Gjennomført
		Påminning i Moava IKO om at rektor må gå gjennom rutinane minimum to gongar i året. Dette vert ved skulestart om hausten og i januar.	Skuleeigar/ rektor	1.mai 2024	Gjennomført

	Kva skal løysast? Informasjon og opplæring om aktivitetsplikta for -andre som har arbeidsplass på skulen -vikarar og nytilsette, også dei som byrjar midt i eit skuleår.	Trygt og godt skulemiljø er fast sak på møte for fagarbeidarane ein gong pr. mnd.	Rektor	Tiltak er sett i verk og vert eit kontinuerleg tiltak vidare.	Ok
		Trygt og godt skulemiljø er tema i lagmøte. <i>Vedlegg: Lagmøte Øystese skule</i>	Rektor	Tiltak er sett i verk og vert eit kontinuerleg tiltak vidare.	Ok
		I lagmøte og fagarbeidamøte skal det gjennomførast caseøvingar. Case vert henta frå udir.no, samt bruk av anonymiserte reelle case.	Rektor	Tiltak er sett i verk og vert eit kontinuerleg tiltak vidare.	Ok
		Skjemaet som gjeld varsling skal nyttast i større grad ved at dette vert drøfta på fagarbeidarmøte/lagmøte.	Rektor	29.mai 2024	«Varsling» er endra til «Melda frå» jamfør ny opplæringslov 01.08.24.
		Dei lokale planane for trygt og godt skulemiljø på kvar skule skal reviderast. Planen inneheld mellom anna førebyggjande tiltak for trygt og godt skulemiljø. <i>Vedlegg: Instruks for inspeksjon ved Øystese skule</i>	Rektor	1.september 2024	Førebyggjande plan er utarbeida på fire av skulane. På to av skulane er dette under arbeid med frist 1. november.
		Skriftleg informasjon til leiarar i andre tenester som har sin arbeidsplass på skulen. Desse leiarane har ansvar for å informera om aktivitetsplikta til sine tilsette.	Skuleeigar	Innan 15. august kvar år	Gejnnomført

		Gjennomgang av trygt og godt skulemiljø, BTI og tilhøyrande rutinar for vikarar og nyttilsette. <i>Vedlegg: Rutine rettleiing nyutdanna</i>	Rektor/ avdelingsleiar	Kontinuerleg/ ved nyttilsetjing	Det er laga virkarperm og nødvendige skjema er tilgjengelege i papir for dei som ikkje har digital tilgang.
		Vikarar må få god innføring i inspeksjonsrutinane frå fyrste dag. <i>Vedlegg: Rutine inspeksjon Øystese skule</i>	Rektor/ avdelingsleiar	Kontinuerleg	Alle skulane har inspeksjonsplanar i vikarpermen.
	Kommunen sin internkontroll er tilpassa for å hindre eller førebyggje brot på varslingsplikta og dokumentasjonsplikta Kva må løysast? Alle tilsette skal ha tilgang og kjennskap til rutinar som ligg i Compilo (del av Kvam herad sitt kvalitetssystem)	Laga betre struktur og oversikt i Compilo (Kvam herad sitt kvalitetssystem) slik at det er lett å finna fram	Skuleeigar	Utført og eit kontinuerleg arbeid vidare	Gjennomgang for tilsette i skule jamnleg slik at alle vert trygg i bruk av Compilo.
		Gjennomgang av skjema og rutinar ved oppstart av kvart skuleår, og påminning om innhaldet i Compilo jamleg gjennom skuleåret.	rektor	Ved oppstart kvart skuleår.	Ok
		Trygt og godt skulemiljø er tema på rettleiing for nyttilsette <i>Vedlegg: Rutine rettleiing nyutdanna</i>	rektor	Årleg	Ok
		Oppdatering av rektor sine oppgåver knytt til trygt og godt skulemiljø i Moava IKO	skuleeigar	1.mai 2024	Ok
		Bruk av Moava IKO er tema i kvalitetsdialog mellom skuleeigar og rektor	skuleeigar	Oppstart haust 2024, deretter 3 g.pr år.	Er teke med i prosessdokumentet for kvalitetsdialog.
		Skjema for rapportering av 9A-saker til skuleeigar er utbetra. <i>Vedlegg:</i>	skuleeigar	Utført	Ok. Er oppdatert etter ny lov.

		<i>Rapportering frå skule til skuleeigar 9A-saker</i>			
	Avdekkar og følgjer opp med korrigierende tiltak for å hindre eller førebyggje risikoen for at varslingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt	Det skal gjennomførast stikkprøvar som gjeld bruk av skjema og rutinar for varsling og dokumentasjon av dette	Skuleeigar	Juni 2024	Utført juni 2024 (Øystese skule og Tørvikbygd skule)
	Kva skal løysast? Skuleeigar må forbetra internkontrollen	Internkontroll gjennom kvalitetsdialog. <i>Vedlegg: Kvalitetsdialog Kvam herad</i>	Skuleeigar	Oppstart haust 2024, deretter 3 g.pr år.	Ok
Plikta til å undersøke i skulemiljø-saker	Skulen undersøker saka så raskt som saka tilseier, dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø	Alle tilsette skal nytta BTI ved uro for eit barn, uavhengig av kva uroa gjeld. Dersom det viser seg at uroa gjeld at ein elev ikkje har det trygt og godt, skal rutinane for dette følgjast vidare. Nivå 0, steg 3 Del uroa med barn/føresette	Rektor	Tiltak er sett i verk og vert eit kontinuerleg tiltak vidare.	Ok
	Kva skal løysast? Tilsette skal nytta verktøy og undersøkingar etter rutinar.	Kvam herad har eigen koordinator for arbeid med BTI som mellom anna støtter skulane med implementering av systemet/verktøyet. Det er eit aktivt fokus og ei prioritert oppgåve å implementera BTI i heile oppvekstfeltet.			
		Implementera rutinar me har ved jamlege påminningar og gjennomgangar (systematisk).	Rektor	Kontinuerleg	Ok

		Gjennomføra «Plan for kartlegging og analyse trygt og godt skulemiljø frå 1.-10. trinn» kvart halvår, veke 42 og veke 9. Påminning i Moava IKO <i>Vedlegg: Plan for kartlegging og analyse</i>	Rektor	Tiltak er sett i verk og vert eit kontinuerleg tiltak vidare.	Ok
		Undersøkingar til bruk i konkrete saker/ ved handtering finn alle tilsette i Compilo. Relasjonskartlegging og analyse av klasseundersøkingane skal gjerast i trinnmøte.	Rektor	Tiltak er sett i verk og vert eit kontinuerleg tiltak vidare.	Ok. Skal justerast etter ny opplæringslov.
		Samarbeid med Læringsmiljøsenteret/ Guttorm Helgøy	Skuleeigar/ rektor	Oppstart gjennomføringsfase skuleåret 2023/24	Ok
		Fokus på roller og mandat for miljørettlearane i skulen i 9A-saker	Rektor	Utført	Ok
		Undersøkingar, tiltak og roller og mandat er tema på planleggingsdag 15. mars 2024 for alle tilsette i skulen	Rektor	Utført	Ok
	Skulen/skuleeigar gjer dei undersøkingane som ein ut frå ein fagleg standard med rimelegheit kan forvente	Implementera rutinar me har ved jamlege påminningar og gjennomgangar (systematisk)	Rektor	Tiltak er sett i verk og vert eit kontinuerleg tiltak vidare.	Ok

	Kva må løysast? Styrka kompetansen hjå leiarar og alle tilsette gjennom oppfølgingsordninga	Gjennomføra «Plan for kartlegging og analyse trygt og godt skulemiljø frå 1.-10. trinn» kvart halvår, veke 42 og veke 9. Påminning i Moava IKO <i>Vedlegg: Plan for kartlegging og analyse</i>	Rektor	Tiltak er sett i verk og vert eit kontinuerleg tiltak vidare	Ok
		Undersøkingar til bruk i konkrete saker/ ved handtering finn alle tilsette i Compilo. Relasjonskartlegging og analyse av klasseundersøkingane skal gjerast i trinnmøte.	Skuleeigar/ rektor	Tiltak er sett i verk og vert eit kontinuerleg tiltak vidare	Ok
		Samarbeid med Læringsmiljøsenteret/ Guttorm Helgøy	Skuleeigar/ rektor	Oppstart gjennomføringsfase skuleåret 2023/24	OK
		Oversikt roller og mandat miljørettleiar viser ansvar og fordeling av arbeid i kap. 9A- saker er revidert. Presentert for alle tilsette på planleggingsdagen 15. mars 2024.	Skuleeigar/ rektor	15. mars 2024	Ok
		Avdelingsleiarane og miljørettleiarane hjelper dei ulike trinna med å gjennomføra nødvendige kartleggingar. Avdelingsleiarane syter for at etterarbeidet med kartleggingane vert gjort. Miljørettleiarane har ei sentral rolle i dette arbeidet. Miljørettleiarane har utvida kompetanse i analyse av undersøkingar.	Rektor	Tiltak er sett i verk og vert eit kontinuerleg tiltak vidare	Ok

	Kommunen sin internkontroll er tilpassa for å hindre eller førebyggja brot på undersøkingsplikta og dokumentasjons-plikta	Det skal gjennomførast stikkprøvar som gjeld bruk av skjema og rutinar for varslings og dokumentasjon av dette.	Skuleeigar	Juni 2024	Ok
	Kva skal løysast? Skuleeigar må forbetra internkontrollen.	Internkontroll gjennom kvalitetsdialog.	Skuleeigar	Oppstart haust 2024, deretter 3 g.pr år.	Ok
		Bruk av Moava IKO er tema i kvalitetsdialog mellom skuleeigar og rektor	Skuleeigar	Oppstart haust 2024, deretter 3 g.pr år.	Ok
	Avdekker og følgjer opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebyggja risikoen for at undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt	Det skal gjennomførast stikkprøvar som gjeld bruk av skjema og rutinar for varslings, undersøking og tiltak og dokumentasjon av dette.	Skuleeigar	Juni 2024	Ok
		Internkontroll gjennom kvalitetsdialog.	Skuleeigar	Oppstart haust 2024, deretter 3 g.pr.år.	Ok
		Bruk av Moava IKO er tema i kvalitetsdialog mellom skuleeigar og rektor	Skuleeigar/ rektor	Oppstart haust 2024, deretter 2 g.pr år.	Ok
Plikt til å sette inn tiltak i skulemiljøet	Skulen/skuleeigar vurderer konkret kva tiltak som er eigna Kva må løysast? Sikra at alle følgjer gjeldande rutinar og at det vert gjort eit grundig arbeid med undersøking, slik at ein finn eigna tiltak.	Rutine for kartlegging av elevane sitt klassemiljø skal implementerast	Rektor	Skuleåret 2023/24	Ok
		Utarbeida rutine for analyse av resultat etter undersøkingar for å sikra eigna tiltak.	Skuleeigar/ rektor	Utført	Ok
		Alle må kjenna til og bruka rutineane som gjeld kap. 9A og særleg aktivitetsplan	Rektor	Innan 15. august årleg. Kontinuerleg	Ok

		Sikra at elev og føresette vert høyrte i arbeidet med aktivitetsplan og eigna tiltak. Punkt med elevmedverknad er teke inn i mal for aktivitetsplan.	Rektor/ skuleeigar	Utført	Ok
		Idébank med tiltak for individ-gruppe- og systemnivå i Compilo til støtte for utarbeiding av aktivitetsplan. <i>Vedlegg: Kap 9A Tiltak, individ, gruppe og system</i>	Skuleeigar	Utført	Ok. Utført mai 2024
		Utarbeida oversikt av rolle og mandat miljørettleiar, og gjera denne kjent i organisasjonen	Rektor	15.mars 2024	Ok. Ligg i Compilo
	Skulen/skuleeigar evaluerer tiltaka jamleg, og at tiltaka blir endra ved behov Kva må løysast? Tiltaka i aktivitetsplanen skal følgjast opp og evaluerast etter oppsett plan	Endra mal for aktivitetsplan: Neste evalueringsmøte må avklarast i møte, og det må tydeleg gå fram om aktivitetsplanen er avslutta. <i>Vedlegg: Aktivitetsplan og Aktivitetsplikt, rutine.</i>	Skuleeigar	Utført	Ok
		Rutinar for når ein startar «ny» aktivitetsplan. Det vil sei at ein tek bort tiltak som ikkje er aktuelle etter evaluering. Unngå at det er uklart kva tiltak som gjeld og ikkje.	Skuleeigar	Utført Repetisjon 29. mai	Ok
	Skulen/skuleeigar lagar ein skriftleg plan når dei set inn tiltak i ei sak, og at planen	Sikra at allereie eksisterande rutinar vert nytta og forstått. <i>Vedlegg: Kap 9A Logg</i>	Skuleeigar Rektor	29. mai 2024. Vidare til tilsette ved skulestart august 2024.	Ok

	inneheld minimumskrav til innhald				
	Kva må løysast? Sikra at rett skjema vert nytta (døme logg – aktivitetsplan)				
	Kommunen sin intenkontroll er tilpassa for å hindre eller førebyggje brot på tiltaksplikta og kravet om å laga ein skriftleg plan	Det skal gjennomførast stikkprøvar som gjeld bruk av skjema og rutinar for varsling og dokumentasjon av dette.	Skuleeigar	Juni 2024	Ok
		Internkontroll gjennom kvalitetsdialog.	Skuleeigar	Oppstart haust 2024, deretter 3 g.pr år.	Ok
		Bruk av Moava IKO er tema i kvalitetsdialog mellom skuleeigar og rektor	Skuleeigar/ rektor	Oppstart haust 2024, deretter 3 g.pr år.	Ok
	Avdekker og følgjer opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebyggje risikoen for at tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan ikkje blir oppfylt	Det skal gjennomførast stikkprøvar som gjeld bruk av skjema og rutinar for undersøking og tiltak og dokumentasjon av dette.	Skuleeigar	Juni 2024	Ok
		Internkontroll gjennom kvalitetsdialog.	Skuleeigar	Oppstart haust 2024, deretter 3 g. pr. år	Ok
		Bruk av Moava IKO er tema i kvalitetsdialog mellom skuleeigar og rektor	Skuleeigar	Oppstart haust 2024, deretter 2 g.pr år.	Ok
	Skuleeigar må følgja opp eventuelle avvik i samarbeid med den aktuelle skulen.	Vurdera om det er behov for ekstern hjelp og støtte i arbeidet frå skuleeigar og /eller andre tenester (til dømes	Skuleeigar	Ved behov	Ok

		mobbeombod, PPT, BUP, helsesjukepleiar).			
--	--	---	--	--	--



Saksframlegg

Saksnr: 2024/26-30

Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	41/24	03.12.2024

Oppfølging av tilsynsrapport kommunal beredskap og helseberedskap

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek til orientering at heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Kvam herad blir lagt fram for formannskapet og heradsstyret.
2. Kontrollutvalet takkar for oppfølginga av tilsynsrapport kommunal beredskap og helseberedskap, og lukkar med dette saka.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at rådmannen skal gje kontrollutvalet skriftleg orientering om status for oppfølging av tilsynsrapport «Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Kvam herad 25. april 2023». Dette er kontrollutvalet si fjerde oppfølging av tilsynsrapport om kommunal beredskap og helseberedskap, etter at kontrollutvalet fekk tilsynsrapporten som referatsak i august 2023.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Tilbakemelding til kontrollutvalet - oppfølging av tilsynsrapport kommunal beredskap og helseberedskap.pdf
- 2 Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Kvam herad(374244).pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Frå saksframlegg til møte i kontrollutvalet 28.08.2023:

Kontrollutvalet i Kvam herad gjorde slikt vedtak i samband med behandling av referatsak RS 19/23 «Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Kvam herad 25. april 2023» i møte 28.08.2023:

«Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem i møte 09.10.2023 for å gjera greie for kva som er gjort og tidspunkt for å lukke dei 2 lovbrota som kjem fram i "Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Kvam herad 25. april 2023", utført av Statsforvaltaren i Vestland.»

Sekretariatet har merka seg at Statsforvaltaren konkluderer slik i tilsynsrapporten:

Lovbrot 1

Kvam herad har ein heilskapleg ROS-analyse frå 2015. Sidan då er ikkje analysen revidert eller oppdatert ved endringar i risiko og sårbarheitsbildet. Kravet til heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) er følgeleg ikkje tilfredsstilt.

Dette er brot på: Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 2 og 6.

Lovbrot 2

Kvam herad manglar ein plan for helsemessig og sosial beredskap, og ein risiko- og sårbarheitsanalyse som dekker alle relevante tema innan dette området, som stettar krav i lov og forskrift.

Dette er brot på: Helseberedskapslova § 2-2 og forskrift om krav til beredskapsplanlegging.

Kontrollutvalet har tre gonger tidlegare hatt oppfølging av denne tilsynsrapporten, sist i sak PS 28/24 i møte 10.09.2024, der kontrollutvalet gjorde slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet merkar seg at det ved utsettinga av ROS-analysen har teke tid for Kvam herad å lukke dei to lovbrota som kom fram i dette tilsynet, men ser viktigheita av at arbeidet er godt gjennomført og forankra.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg orientering om status i denne saka til møte i utvalet i 03.12.2024, med frist for levering til sekretariatet innan 15.11.2024.

Skriftleg orientering frå rådmannen

Rådmannen, ved konstituert assisterande rådmann, har sendt ei skriftleg orientering om status i brev dagsett 13.11.24, med politisk sak til formannskapet og heradsstyret vedlagd. I oversendingsbrevet skriv rådmannen mellom anna følgjande:

«Sidan førre orientering til kontrollutvalet i august 2024 er heilskapleg ROS, inkludert helse-ROS ferdigstilt og det er utarbeidd helseberedskapsplan.

...

HROS skal til politisk handsaming i formannskapet 27.11.24 og heradsstyret 12.12.24.»

Sekretariatet merkar seg òg rådmannen sitt framlegg til vedtak, der det i andre avsnitt står:

«ROS-analysen, inkludert akseptkriteria, vert lagt til grunn for det førebyggjande risiko- og sårbarheitsarbeidet i kommunen, herunder utarbeiding av kommunale planar og overordna beredskapsplan for kriseleiing.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhente informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet har no følgd saka frå tilsynsrapporten kom som referatsak til det no er lagt fram sak til politisk handsaming i heradsstyret.

Heradet sitt plan- og beredskapsarbeid er ikkje tema i plan for forvaltningsrevisjon. Sekretariatet vurderer at det er tilstrekkeleg for kontrollutvalet å kjenne til at det er fremma politisk sak om dette, og vidare at det er tilstrekkeleg for kontrollutvalet å kjenne til heradsstyret sitt vedtak i saka gjennom ordinær sak om gjennomgang av møteprotokollar.

Etter sekretariatet sitt syn er det ikkje behov for at arbeidet etter tilsynsrapporten treng meir oppfølging frå kontrollutvalet på noverande tidspunkt.

På bakgrunn av det som går fram over bør kontrollutvalet lukke saka.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet tek til orientering at heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Kvam herad no blir lagt fram for formannskapet og heradsstyret, og at kontrollutvalet takkar for oppfølginga av tilsynsrapport kommunal beredskap og helseberedskap og lukker saka.



Kvam Kontrollutval v/Stian Skår Ludvigsen

Vår ref.: DokumentID 24/30129

Dykkar ref.:

Dato: 13.11.2024

TILBAKEMELDING TIL KONTROLLUTVALET - OPPFØLGING AV TILSYNSRAPPORT KOMMUNAL BEREDSKAP OG HELSEBEREDSKAP

Viser til vedtak i kontrollutvalet i Kvam herad 10.09.24 sak PS 28/24 der kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg orientering om status i saka oppfølging av tilsynsrapport kommunale beredskap og helseberedskap innan 15.11.24

Sidan forrige orientering til kontrollutvalet i august 2024 er heilskapleg ROS, inkludert helse-ROS ferdigstilt og det er utarbeidd helseberedskapsplan.

HROS-analysen har vore på høyring til medlemmer i beredskapsrådet og andre aktørar som kan ha faglege innspel til analysen.

HROS skal til politisk handsaming i formannskapet 27.11.24 og heradstyret 12.12.24.
Politisk sak ligg vedlagt.

Ta kontakt om noko er uklart

Helsing

Astrid-Anett Steine

Konstituert assisterande rådmann

Telefon: 994 28 606

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

12.11.2024 Heilskapleg
risiko- og
sårbarheitsana

lyse for Kvam
herad(374244)

Vedlegg:
12.11.2024

Tittel:
Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Kvam herad(374244)

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap Kvam heradsstyre		

Avgjerd av:	Arkiv: N-850	Arkivsaknr
Saksh.: Astrid-Anett Steine	Objekt:	24/1214 - 24

Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Kvam herad

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse(HROS) for Kvam herad vert vedteken slik han ligg føre. Den heilskaplege ROS-analysen vert med det forankra i heradsstyret i samsvar med krav i Sivilbeskyttelseslova § 14 og Forskrift om beredskapsplikt § 2.

ROS-analysen, inkludert akseptkriteria, vert lagt til grunn for det førebyggjande risiko- og sårbarheitsarbeidet i kommunen, herunder utarbeiding av kommunale planar og overordna beredskapsplan for kriseleing.

Samandrag:

Den heilskaplege ROS-analysen vurderer sannsyn for og konsekvensar av uønska hendingar og korleis desse kan påverka Kvam herad og tenestene som kommunen yter.

Risiko og sårbarheit er vurdert for 16 uønska hendingar som kan ramma Kvam herad.

Hendingsnr.	UØNSKT HENDING
1	Langvarig svikt i krafttilførsel
2	Større akutt hending som krev omdisponering av personell i kommunen
3	Alvorleg forureiningsulukke
4	Dambrot som kan forårsaka alvorleg skade
5	Langvarig svikt i vassforsyning
6	Ras eller skred som kan forårsaka alvorleg skade på menneske eller kritisk infrastruktur.

Hendingsnr.	UØNSKT HENDING
7	Ekstremver som kan forårsaka alvorleg skade på menneske eller kritisk infrastruktur.
8	Uluke med masseskade
9	Flaum, stormflod og flodbølge som kan forårsaka alvorleg skade på menneske eller kritisk infrastruktur.
10	Valdshandlingar med alvorlege konsekvensar
11	Sjøfartulukke med masseskade
12	Alvorleg smittsam sjukdom
13	Radioaktivt nedfall med alvorlege konsekvensar
14	Storbrann
15	Digitale hendingar med alvorlege konsekvensar og fråfall av kommunikasjon
16	Nasjonal unntakstilstand som medfører alvorlege lokale utfordringar

Her er oversikt over hendingane og korleis dei fordeler seg på sannsyn og konsekvens:

		1. Svært små	2. Små	3. Middels	4. Stor	5. Svært stor
Sannsynlighet	E. Svært høy				7,15	6,12
	D. Høy					1,2,9
	C. Middels					5
	B. Lav				8	10,13,14,16
	A. Svært lav			3		4,11
		Konsekvens				

Gjennom ROS-arbeidet har analysegruppa vorte kjend med gode barrierar som er etablert på tvers i kommunen. Analysearbeidet har vore ei påminning om viktigheita av å snakka saman på tvers av sektorar for å forstå den totale motstandsdyktigheita i kommunen. Likevel er det peika på ei rekkje tiltak som vil vera relevante å implementera for å handtera eit risikobilete som er i stadig endring i kommunen. Her kan det nemnast revidering av beredskapsplanverket, øvingsplanar, øving, kontinuitetsplanar, plan for informasjonssikkerheit, tryggleiksklarering av personell med meir. Analysen set dei tilsette i stand til å ta kunnskapsbaserte avgjersler for å finna sikrare løysingar for kommunen og innbyggjarane.

Med bakgrunn i denne HROS-analysen vil Kvam herad kunne følgje opp det vidare arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap, under dette sørgje for å oppdatere overordna beredskapsplan. Rådmannen tilrår å utarbeida ei oversyn over naudsynte tiltak og deretter etter behov innlemma mål og tiltak i kommunen sine overordna planar som økonomi- og budsjettplan og ulike fagplanar.

Liste med vedlegg som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:

Andre dokument i saka:

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

I følgje sivilbeskyttelseslova § 14 pliktar kommunen å kartleggja kva uønska hendingar som kan skjer i ein kommune, vurdere sannsynet for desse og korleis dei i så fall kan påverka kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal vurderast og samanstillast i ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse. Forskrift om kommunal beredskapsplikt set krav til utarbeiding av analysen.

Statsforvaltaren gjennomførte tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i Kvam herad 25.april 2023. Føremålet med tilsynet var å undersøka om arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i Kvam herad var i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og helseberedskapslova med forskrifter. I tilsynsrapport frå Statsforvaltaren i mai 2023 førelåg det etter Statsforvaltar si vurdering to avvik frå lovkrava

- 1) Kvam herad hadde ikkje revidert heilskapleg ROS-analyse frå 2015 i samsvar med krav i Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om krav til beredskapsplanlegging.
- 2) Kvam herad mangla overordna plan for helsemessig og sosial beredskap, og ein risiko og sårbarheitsanalyse som dekker alle relevante tema innan dette området, som stettar krav i Helseberedskapslova § 2-2 og forskrift om krav til beredskapsplanlegging.

Kvam herad sende inn plan for retting av avvika til Statsforvaltaren innan fristen, og Statsforvaltaren avslutta tilsynet då dei vurderte plan for retting av lovbrota med tilhøyrande tidsfristar som tilfredstillande. Når det gjeld plan for helsemessig og sosial beredskap, så er det laga ein administrativ helseberedskapsplan for Kvam herad med tilhøyrande tiltakskort. Planen vart ferdigstilt hausten 2024, slik at dette avviket er lukka.

Kvam herad har i perioden November 2023 – September 2024 utarbeidd ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) i samsvar med krav i lov og forskrift. Kvam herad har nytta seg av DSB sin avtale med Proactima og fått hjelp frå dei i ROS-analysearbeidet.

Analysearbeidet er gjennomført med ei tverrfagleg gruppe med relevante kompetanseområde basert på ei grovsortering av dei relevante hendingane. Analysegruppa deltok på relevante møte knytt til analyseprosessen og deltok med innleiande informasjon knytt til fagspesifikke område. Medlemmer i analysegruppa var:

- Leiar for teknisk og informasjon
- Leiar for plan- og byggjesak
- Geolog
- Leiar for brann og redning
- Kommuneoverlege
- Leiar for kommunalteknikk VAV
- Leiar for helse- og omsorg
- Rådgjevar skule
- Leiar for IT

- Landbruks- og næringssjef
- Leiar nett kundeservice, Kvam Energi AS

Etter at utkast på analysen vart utarbeidd vart denne send på intern høyring til analysegruppa og andre relevante mottakarar. Deretter gjekk analyseutkastet på ekstern høyring til

- Vest politidistrikt
- Bergenhus heimevernsdistrikt 09
- Hordaland sivilforsvardistrikt
- Kvam Energi
- Norheimsund Røde Kors
- Elkem Bjølvefossen
- Vestland fylkeskommune
- Statsforvaltaren i Vestland
- Lingalaks AS
- Tide AS
- Fjellstrand AS
- Kyrkjeleg fellesråd
- Norske kvinners sanitetsforening


I arbeidet med ROS-analysen har modellen under vore styrande for arbeidet. Figuren viser framstillinga i rettleiar for heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i kommunen. (DSB, 2022)



Analysen byggjer i hovudsak på ovannemnde rettleiar, som også er i tråd med Norsk Standard 5814 "Krav til risikovurdering" av 2021.

Metoden kan omtalast som ein overordna kvalitativ grovanalyse, og arbeidsprosessen har vore tett knytt til sløyfemodellen, eller "Bow teie modellen", sjå figur 2-1.

Figur 2-1 Sløyfemodell, basert på illustrasjon frå DSB sin rettleiar til heilskapleg ROS-analyse



Sløyfemodellen syner samanhengen mellom dei ulike elementa som blir vurdert i ein risiko- og sårbarheitsanalyse. Modellen tek utgangspunkt i identifisering av ei og ei uønska hending. Deretter blir det gjort ei vurdering av kva faktorar eller årsaker som kan medverka til at den uønskte hendinga kan inntreffe, og kva konsekvensar som kan oppstå dersom hendinga inntreff. I tillegg blir det gjort vurderingar av sårbarheita knytt til eksisterande sannsynsreducerande og/eller konsekvensreducerande barrierar. Ei vurdering av usikkerheit er ein del av prosessen, for å kunne skildra kor godt kunnskapsgrunnlaget som vurderingane i analysen bygger på er.

Metode

Ein risikoanalyse er eit systematisk forsøk på å nytte kunnskap, erfaring og refleksjon til å seie noko om kva som vil kunne skje i framtida. Sannsyn blir nytta som mål på kor sannsynleg ein meiner det er at ei bestemt hending vil skje, gitt den kunnskapen me har. Sannsyn er ikkje rekna som ein objektiv storleik, men ei vurdering som er avhengig av dei føresetnadene som blir lagt til grunn.

Risiko heng saman med usikkerheit. Usikkerheit skuldast nettopp forsøket på å seie noko om framtida, basert på kunnskap om fortid og notid. Difor er blant anna følgjande moment sentrale for vurderinga:

- Identifisering av relevante faktorar og forhold som er viktige for vurderinga
- Innhenting av relevant kunnskap om dei identifiserte faktorane og forholda
- Vurdering av kvaliteten på den faglege dokumentasjonen
- Vurdering av kor mykje verdi faktorane og forholda skal få i analysen

Den tradisjonelle måten å vurdere sannsyn på, er å nytte historiske data og statistikk. Det er likevel kjend at ei frekvensbasert vurdering ikkje åleine dekkjer, eller er føremålstenleg for å skildre kor sannsynleg det er at dei moglege identifiserte konsekvensane av ei uønskt hending inntreff i eit lokalsamfunn. Uønska hendingar i eit lokalsamfunn inntreff sjeldan under dei same vilkåra. I denne analysen blir det difor lagt vekt på i kva grad dei utløysande faktorane kan påverka sannsynet for at ei hending kan oppstå er til stades, heller enn eit

einsidig fokus på historisk data og tidsintervall. Ei slik tilnærming bidrar til å auke merksemda på førebyggjande tiltak som kan bidra til å hindre at ei uønska hending oppstår, noko som er kjernen i kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik.

I vurderinga av tilsikta hendingar er element av analysemetoden for sikringsrisikoanalysar lagt til grunn for sannsynsvurderinga i tråd med NS 5832:2014 «Krav til sikringsrisikoanalyser». Vurderinga inneber ei skildring av moglege trugselaktørar og desse aktørane sin kapasitet og intensjon for å iverksette handlinga i lokalsamfunnet.

Akseptkriteria

Kvam herad må fastsetja kva risiko me aksepterer ved uønska hendingar, til bruk i arbeidet med risiko og sårbarheit i kommunen.

Sannsynet for at ei hending kan skje og konsekvensane av at ho skjer gir til saman risikoen ved hending. I arbeidet med ROS-analysen er det fastsett kategoriar for sannsyn og konsekvens. Sannsynet er kor ofte ei uønska hending er venta å skje, medan konsekvensen viser omfanget av hendinga dersom ho skjer, og er delt inn i kategoriar.

Tabellane nedanfor gjer ei oversikt over kategoriane som er brukt ved vurdering av konsekvensar og sannsyn. Konsekvensane som er vurderte er

- «Liv og helse»
- «Samfunnsstabilitet»
- «Natur og miljø».

Konsekvensskala for Liv og helse

Kategori	Forklaring	Antal døde	Antal skadde/sjuka
5	Svært store	> 5	> 25
4	Store	3 – 5	25
3	Middels	2	6 – 12
2	Små	1	3 – 6
1	Svært små	0	1 - 2
0	Ingen / ikkje relevant / ikkje vurdert		

Konsekvensskala for Samfunnsstabilitet – manglande dekning av grunnleggjande behov

Antal ramma	Manglande dekning av grunnleggjande behov				
	Prosent av innbyggjarane				
Kategori	< 1 prosent	1-5 prosent	5-10 prosent	10-20 prosent	>20 prosent
> 10 døgn	2	3	4	5	5
5-10 døgn	1	2	3	4	5
2-5 døgn	1	1	2	3	4
1-2 døgn	0	1	1	2	3
< 1 døgn	0	0	1	1	2
0	Ingen / ikkje relevant / ikkje vurdert				

Konsekvensskala for skade på naturmiljø

Geografisk Skade på naturmiljø utbreiing					
Kategori	< 3 km	3-30 km	30-100 km	100-300 km	> 300 km
>10 år	2	3	4	5	5
3-10 år	2	2	3	4	5
<3 år	1	1	2	3	4

Konsekvensskala for skade på kulturmiljø

Vernestatus Skade på kulturmiljø				
Grad av øydeleggjing	Verneverdige kulturminner	Verneverdige kulturmiljø	Freda kulturminner	Freda kulturmiljø
Uoppretteleg	2	3	4	5
Alvorleg	1	2	3	4
Avgrensa	1	1	2	3

Skala for sannsyn

Kategori	Sannsyn (per år)	Forklaring
E	> 90 %	Særs høg
D	70-90 %	Høg
C	40-70 %	Middels
B	10-40 %	Låg
A	< 10 %	Særs låg

Vurdering av kunnskapsstyrke:

Kunnskapsstyrken vart vurdert som låg viss ein eller fleire av følgjande vilkår er oppfylt (jfr. DSBs rettleiar til heilskapleg ROS-analyse for kommunane):

- Relevante data og erfaringar er utilgjengelege eller upålitelege
- Hendinga/fenomenet som vert analysert er dårleg forstått
- Det er manglande semje blant ekspertane som deltek i vurderinga

Vurdering av styrbarheit:

Følgjande kvalitative kategoriar vart nytta for klassifisering av styrbarheit:

Høg: Kommunen kan kontrollere/styre

Middels: Kommunen kan påverke

Låg: Kommunen kan ikkje påverke

Risikobilete for Kvam herad

Risikoanalysen har teke føre seg uønska hendingar som vil kunne utløysa kriseleiing i kommunen. Analysen held eit overordna nivå, og går ikkje ned i risiko- og sårbarheitsforhold som ligg på kommunalavdelingsnivå, bortsett frå helse og sosial som er innlemma i overordna ROS. Det er utarbeida eller skal utarbeidast eigne risiko- og sårbarheitsanalysar på dei ulike kommunalavdelingsnivå som oppvekst og tekniske tenester.

I samband med identifisering av uønskte hendingar og hendingar frå 2015 er det gjort nokre endringar. Hendingar frå 2015 har vorte slått saman til større hendingar, og nokre hendingar er vurderte som årsaker eller konsekvensar av hendingane som er omtalte. I denne samanhengen er ikkje oskesky, trafikkulykker og sabotasje av kritisk infrastruktur teke med vidare som sjølvstendige hendingar. For denne analysen er også dyre- og fiskesjuksjukdommar vurderte som hending, men ikkje teke med då ein meiner det ikkje er av ein slik karakter som er nødvendig å dekkja i heilskapleg ROS, men heller vert handtert i sektorielle krav. Nytt av denne analysen er at me og ser nærare på dambrot, flaum, stormflod og flodbjølge, samt nasjonal unntakstilstand som medfører alvorlege lokale utfordringar og svikt i helsetenesta med alvorlege konsekvensar.

Hendingsnr.	UØNSKT HENDING
1	Langvarig svikt i krafttilførsel
2	Større akutt hending som krev omdisponering av personell i kommunen
3	Alvorleg forureiningsulukke
4	Dambrot som kan forårsaka alvorleg skade
5	Langvarig svikt i vassforsyning
6	Ras eller skred som kan forårsaka alvorleg skade på menneske eller kritisk infrastruktur.
7	Ekstremver som kan forårsaka alvorleg skade på menneske eller kritisk infrastruktur.
8	Ulukke med masseskade
9	Flaum, stormflod og flodbølge som kan forårsaka alvorleg skade på menneske eller kritisk infrastruktur.
10	Valdshandlingar med alvorlege konsekvensar
11	Sjøfartulukke med masseskade
12	Alvorleg smittsam sjukdom
13	Radioaktivt nedfall med alvorlege konsekvensar
14	Storbrann
15	Digitale hendingar med alvorlege konsekvensar og fråfall av kommunikasjon
16	Nasjonal unntakstilstand som medfører alvorlege lokale utfordringar

Heilskapleg ROS er unnateke offentleggjering

Nokre kommunar har utarbeida ein offentleg versjon av den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen og ein versjon som er unnateke offentlegheita. Kvam herad har valt å ha ein versjon, der nokre kapittel er unnateke offentlegheita. Sidan HROS er unnateke offentlegheit er den politiske saka noko meir omfattande, for å sikre at saka er tilstrekkeleg opplyst.

Informasjon som kan letta gjennomføringa av straffbare handlingar er årsaka til at kommunen vel å nytta offentleglova § 24 til å halda informasjonen unnateke offentlegheita. Informasjonen som kjem fram kan synleggjera sårbarheitene til kommunen per i dag, anten direkte eller indirekte. Dette er informasjon om særlege sårbare punkt som Kvam herad må jobba vidare med, og setja inn tiltak for å redusera sårbarheita.

Høyering heilskapleg ROS

Det er kome eitt høyringsinnspel til HROS frå Lingalaks AS. Innspelet frå bedrifta er kva dei kan bidra med i hendingar slik som skissert i heilskapleg ROS. Lingalaks AS har beredskapsfunksjonar, utstyr, kompetanse og personell som kan bistå Kvam herad.

Oppsummering frå HROS - eksisterande og framtidige risiko- og sårbarheitsfaktorar i heradet

Liv og helse

Når det gjeld liv og helse er dei høgast vurderte risikoane (kombinasjonen av konsekvens og sannsyn) knytt til hendingane Alvorleg smittsam sjukdom (svært høgt sannsyn og svært store konsekvensar), og Ras eller skred som kan forårsaka alvorleg skade på menneske eller kritisk infrastruktur (svært høgt sannsyn og store konsekvensar). Fleire av hendingane kan ha både direkte og påskunda dødsfall og skadar.

Hendingane Ekstremvêr som kan forårsaka alvorleg skade på menneske eller kritisk infrastruktur og Digitale hendingar med alvorlege konsekvensar og fråfall av kommunikasjon er vurdert til svært høgt sannsyn og middels konsekvensar.

Når det gjeld framtidige risiko- og sårbarheitsfaktorar, blir det nemnt at det globalt sett er ei uro knytt til auka tilstrøyming av flyktningar eller innvandrarar, mellom anna slik ein såg i samband med krigen i Ukraina. Dette kan gje høgare press på ein del kommunale funksjonar, i tillegg til ein større del framandspråklege i kommunen som må takast omsyn til ved informasjon til innbyggjarane i til dømes ein krisesituasjon.

		1. Svært små	2. Små	3. Middels	4. Stor	5. Svært stor
Sannsynlighet	E. Svært høy			7,15	6	12
	D. Høy			1,2,9		
	C. Middels			5		
	B. Lav	13			8,16	10,14
	A. Svært lav	3				4,11
Konsekvens - Liv og helse						

Sjå oversikt over hendingane og hendingsnummer over.

Samfunnsstabilitet

Uønskte hendingar som truar samfunnsstabiliteten er særleg knytt til hendingane Ras eller skred som kan forårsaka alvorleg skade på menneske eller kritisk infrastruktur og Alvorleg smittsam sjukdom (begge vurdert til svært høgt sannsyn og svært store konsekvensar). Hendingane Langvarig svikt i krafttilførsel, Større akutt hending som krev omdisponering av personell i kommunen og Flaum, stormflod og flodbølge som kan forårsaka alvorleg skade på menneske eller kritisk infrastruktur er alle tre vurderte til høgt sannsyn og svært store konsekvensar. I tillegg er hendingane Ekstremvær som kan forårsaka alvorleg skade på menneske eller kritisk infrastruktur og Digitale hendingar med alvorlege konsekvensar og fråfall av kommunikasjon begge vurderte til å ha svært høgt sannsyn, og store konsekvensar for samfunnsstabiliteten.

Fleire av hendingane er knytt til ulike former for svikt i kritisk infrastruktur og kritiske samfunnsfunksjonar som fører til at befolkninga manglar dekning av grunnleggjande behov eller opplever forstyrringar i dagleglivet. Til dømes vil Langvarig svikt i krafttilførsel, Langvarig svikt i vassforsyning, Ras eller skred som kan forårsaka alvorleg skade på menneske eller kritisk infrastruktur, Ekstremvær som kan forårsaka alvorleg skade på menneske eller kritisk infrastruktur, Flaum, stormflod og flodbølge som kan forårsaka alvorleg skade på menneske eller kritisk infrastruktur eller Digitale hendingar med alvorlege konsekvensar og fråfall av kommunikasjon vera direkte knytt til svikt i kritisk infrastruktur, medan ei hending som Alvorleg smittsam sjukdom vil i tillegg til å ramme befolkninga også kunne ramme tilsette i sentrale posisjonar i Kvam herad, slik at hendinga kan få konsekvensar for kommunen si evne til å yte tenester.

Ettersom befolkninga i Kvam herad utgjer eit relativt lite og tett samfunn, blir det også anteke at hendingar som i og for seg ikkje vil føre til svikt i kritisk infrastruktur og kritiske samfunnsfunksjonar, kan prege samfunnet såpass at det er vurderte til å påverke samfunnsstabiliteten. Dette gjeld m.a. hendingar knytt til store ulykker og alvorleg kriminalitet.

Framtidige faktorar som kan medføre auka risiko for kommunen gjeld m.a. klimaendringar. Auka førekomst av ekstremvær kan ha konsekvensar for Kvam herad, men det er stor uvisse om akkurat kva og kor alvorlege konsekvensane kan bli. Generelt vil ekstremvær som kraftige stormar og auka nedbør kunne ramme kritisk infrastruktur og kritiske samfunnsfunksjonar både direkte og indirekte dersom det fører til straumbrot, brot på vassforsyning brot på telenett/mobilnett/datanett m.m.

Teke i betraktning tempoet i digital utvikling, er det grunn til å tru at risiko- og sårbarheitsbiletet vil endre seg for Kvam herad i framtida. Dette handlar m.a. om større avhengnad av digitale og IT-baserte løysingar, og dessutan større grad av samankopling av system og tenester, under dette også velferdsteknologi. Dette introduserer både ny risiko og ny sårbarheit for kommunen som bør vurderast fortløpande.

		1. Svært små	2. Små	3. Middels	4. Stor	5. Svært stor
Sannsynlighet	E. Svært høy				7,15	6,12
	D. Høy					1,2,9
	C. Middels					5
	B. Lav		8,10,14		13	16
	A. Svært lav			3,11		4

Konsekvens - Samfunnsstabilitet

Sjå oversikt over hendingane og hendingsnummer over.

Natur og miljø

Den hendinga som er vurdert til å medføre høgast risiko for natur og miljø er Radioaktivt nedfall med alvorlege konsekvensar, som er vurdert til lågt sannsyn, men svært store konsekvensar. Andre hendingar som er vurderte til å ha konsekvensar for natur og miljø er

relaterte til ulike former for ulykker, i tillegg til klimaendring/store nedbørsmengder. Kombinasjonen av sannsyn og konsekvens for desse hendingane er likevel vurderte slik at risiko for natur og miljø ikkje er stor.

Topografisk utforming av kommunen vil vere særleg sårbar for ekstremnedbør som fører til flaum i vassdrag kan ha store og raskt innsetjande konsekvensar for bustadfelt i området. Denne hendinga er dekt i analysen, men sjansane for denne hendinga, og dessutan andre uønskte hendingar som knyter seg m.a. til kritisk infrastruktur, kan auke i tida framover som følge av klimaendringane.

		1. Svært små	2. Små	3. Middels	4. Stor	5. Svært stor
Sannsynlighet	E. Svært høy	6,7				
	D. Høy	1	9			
	C. Middels					
	B. Lav		14	16		13
	A. Svært lav		4	3,11		

Konsekvens - Natur og miljø

Sjå oversikt over hendingane og hendingsnummer over.

Risiko og sårbarheit som skjer utanfor det geografiske området til kommunen som kan påverke kommunen.

Frå risikovurderinga er det fleire av hendingane som kan hende utanfor kommunen, men som får konsekvensar for Kvam herad si handtering av dei ramma. Dette vil vera spesielt knytt til etablering av pårørande og evakuerte senter og mobilisering av kriseteam.

Det blir påpeika at uønska hendingar ikkje tek omsyn til kommunegrenser. Ei hending som rammar utanfor kommunen kan påverke Kvam i form av at innbyggjarar blir direkte ramma. Ei uønska hending i ein nabokommune kan også ramme Kvam herad ved å føre til svikt i kritisk infrastruktur, til dømes skogbrann i ein nabokommune som kan føre til fråfall av kommunikasjonsmidlar.

Uønskete hendingar i omkringliggjande kommunar kan også vere av eit slikt omfang at Kvam herad vert bede om å yte bistand.

Korleis ulike risiko- og sårbarheits faktorar kan påverke kvarandre

Av dei uønska hendingane som er analyserte, er det fleire som kan påverke kvarandre, eller som kan vurderast som årsaker til eller konsekvensar av ei anna hending som er analysert. Til dømes vil Digitale hendingar med alvorlege konsekvensar og fråfall av kommunikasjon kunne vera ein konsekvens av hendingane Storbrann eller Langvarig svikt i krafttilførsel, medan Større akutt hending som krev omdisponering av personell i kommunen kan vere ein konsekvens av Alvorleg smittsam sjukdom.

Hendinga Langvarig svikt i vassforsyning vil også kunne påverke andre risiko- og sårbarheits faktorar i kommunen i stor grad, som til dømes ved at helsevesen og landbruk, som er avhengig av vassforsyning, ikkje får det. Sjansane for dette er vurdert til å vera middels, men konsekvensane kan vere omfattande.

Når det gjeld korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorar kan påverka kvarandre i framtida, er det rimeleg å tru at m.a. ekstremvêr i ulike former, anten det er ekstrem tørke, nedbør, vind/orkan eller ekstreme temperaturar, kan bidra til å auka sannsyn for fleire hendingar som er dekte i denne heilskaplege ROS-analysen, og dessutan introdusera ny risiko og sårbarheit.

Som nemnt under oppsummeringa av risiko- og sårbarheitsbiletet for samfunnsstabilitet, er det også rimeleg å tru at tempoet i digital utvikling, aukande avhengnad av digitale og IT-baserte løysingar, og dessutan større grad av samankopling av system og tenester vil føre til nye former for risiko og sårbarheit for kommunen i framtida. Særleg gjeld dette digitalisering, som vil bli meir omfattande i åra som kjem, og dermed også introdusera ny risiko og sårbarheit som er vanskeleg å sjå for seg, og vurdere, på noverande tidspunkt.

Risiko- og sårbarheitsfaktorar som påverkar kvarandre er i særleg grad knytt til hendingar som rammar kritisk infrastruktur og kritiske samfunnsfunksjonar. Dette er beskrive nærare i neste avsnitt.

Evna kommunen har til å halde oppe verksemda når det skjer ei uønska hending og evna til å ta opp att verksemda etter at hendinga har hendt.

I analysen er det vurdert hendingar som kan tenkjast å utfordre evna kommunen har til å halde oppe eiga verksemd. Særleg gjeld dette hendingane Langvarig svikt i krafttilførsel og Alvorleg allmennfarleg smittsam sjukdom. Desse hendingane vil i stor grad kunne ramma evna kommunen har til å halde oppe verksemda si og yte lovpålagde tenester til befolkninga, anten pga. svikt i kritisk infrastruktur (straumforsyning) eller fråfall av nøkkelpersonell ved ein pandemi/epidemi.

Ein pandemi/epidemi vil til dømes både kunne redusere evna til å halde oppe kommunal verksemd, og dessutan at ei slik hending også kan skapa utfordringar med å handtera uønska hendingar dersom beredskapsleiinga også blir ramma av fråfall av personell.

Det blir presisert at denne analysen tek for seg risiko- og sårbarheit på eit overordna nivå, og detaljar om korleis ulike uønska hendingar rammar tenesteyting i dei ulike sektorane er derfor ikkje vurderte i detalj.

Behovet for befolkningsvarsling og evakuering

Fleire av dei uønska hendingane som kan ramme Kvam herad, vil medføra eit behov for å varsle innbyggjarane. Dette handlar både om å varsle fordi konsekvensane kan bli alvorlege, men og fordi det kan vere føremålstenleg å komme tidleg ut med førebyggjande informasjon om korleis innbyggjarane skal opptre i ulike situasjonar. Om det er nødvendig med omgåande varsling vil avhenge av innhald og omfang av hendinga.

Det er og ein del hendingar som kan komme til å krevje evakuering av større eller mindre delar av befolkninga, dette gjeld hendingar der det er særleg fare for liv og helse til innbyggjarane.

Mange av hendingane blir i utgangspunktet handtert av naudetatane, og politiet som skadestadsleiar som då vil ha ansvar for evakuering. Kommunen kan likevel bli involvert i å stille lokale til disposisjon, eller kome med informasjon via nettside og/eller SMS-varsling.

Vurdering:

Oppfølging av risiko- og sårbarheitsanalysen

Under analysearbeidet er det avdekt ei rekkje sårbarheiter, med tilhøyrande forslag til sannsyns- og konsekvensreducerande tiltak. Tiltaka inneber alt frå investeringar, oppretting og revidering av planverk, ekstraordinære løyve og trening og øving av relevant personell på alle nivå i kommunen. Nokre tiltak vil vere lette å implementere i styrande dokumentasjon, medan andre tiltak vil krevje både administrativ og politisk saksbehandling. Føremålet er at alle føreslåtte tiltak skal vurderast, og ved avgjerd, bli implementert. Dersom dette ikkje kan løysast innanfor dei økonomiske rammene, kjem det sak til politisk handsaming.

Rådmannen tilrår at tiltaka vert sett i samanheng med styringsdokumenta i kommunen, og at det vert utarbeidd ei oversikt over naudsynte tiltak, som vert innlemma i kommunen sine overordna planar, økonomiplan, budsjett og fagplanar.

Rådmannen tilrår at heradstyret vedtek heilskapleg ROS-analyse, inkl. akseptkriteria, og med det forankrar denne i heradstyret i samsvar med krav i Sivilbeskyttelseslova § 14 og Forskrift om beredskapsplikt § 2. ROS-analysen vil då bli lagt til grunn for det førebyggjande risiko- og sårbarheitsarbeidet i kommunen.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/377-45

Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	42/24	03.12.2024

Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg - Oppfølging

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om den vedteke kommunale egedomsstrategien, innehaldande oppfølging av forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg, til orientering.
2. Kontrollutvalet er nøgd med at tiltaka etter forvaltningsrevisjonen er lagd til ein politisk vedteken egedomsstrategi, og vurderer derfor at vidare oppfølging av tiltaka ligg i den politiske rapporteringslinja.
3. Kontrollutvalet lukkar med dette saka frå si side.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal behandle oppfølginga etter forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg.

Hogne Haktorsen
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg - svar på revisjonsrapport.pdf
- 2 Svar til kontrollutvalet på forvaltningsrapport frå Deloitte sak 2023 377 17.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Heradsstyret handsama forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg i Kvam herad i møte 14.03.2024.

Innstilling frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet innstilte til heradsstyret i sak PS 3/24 i kontrollutvalet sitt møte 20.02.2024.

I sak HST – 021/24 gjorde heradsstyret slikt vedtak:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan vedlikehald av offentlege bygg i Kvam herad, ber heradsstyret rådmannen om å:

1. Utarbeide ein vedlikehaldsstrategi som er politisk forankra og som inneheld Kvam herad sine ambisjonar for tilstand på kommunale føremålsbygg og korleis kommunen skal arbeide for å oppnå og oppretthalde denne tilstanden.
2. Sikre ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigar, forvaltar og brukar av dei kommunale bygga.
3. Etablere system og rutinar som legg til rette for kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukarar av kommunale bygg, for å sikre betre informasjonsflyt internt i administrasjonen og til/frå dei folkevalde.
4. Gjera ei nærare vurdering av kapasitet og kompetanse og vurdere kva tilnærming som er mest kostnadseffektiv når det gjeld å sikre naudsynt kapasitet for å kunne ivareta eit tilfredsstillande vedlikehald av den kommunale bygningsmassen.
5. Systematisere arbeidet med gjennomføring av tilstandsvurderingar av bygga, og vurdere å etablere rutinar for jamlege vedlikehaldsrundar/synfaringar der både forvaltar og brukar av bygga er representert.
6. Sørge for at det blir utarbeidd ei fullstendig og oppdatert oversikt over vedlikehaldsetterslep knytt til heradet sin bygningsmasse.
7. Lage ein handlingsplan til kontrollutvalet innan 05.08.2024 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen vert endeleg vedteke i heradsstyret.

Handlingsplanen

Handlingsplanen blei sendt sekretariatet frå teknisk sjef 07.08.2024. Denne viste at alle punkta (1-6) i heradsstyret sitt vedtak skulle bli lagt inn i kommunen sin eigedsstrategi som var under utarbeiding hausten 2024.

Kontrollutvalet handsama handlingsplanen i møte 10.09.2024, og fatta slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek handlingsplanen for oppfølging av forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg til orientering.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen orientere om status/vedtak på den kommunale eigedsstrategien til kontrollutvalet sitt møte 03.12.2024.
3. Orienteringa skal vere skriftleg, og vise korleis heradsstyret sine vedtak punkt 1-6 i HST 021/24 er innarbeidd i strategien.
4. Orienteringa sendast sekretariatet innan 12.11.2024.

Oppfølging

Sekretariatet har motteke vedlagde informasjon om eigedsstrategien og rådmannen si oppfølging av revisjonsrapporten i brev dagsett 12.11.2024. Denne viser korleis heradsstyret sitt vedtak er svart ut gjennom eigedsstrategien.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp heradsstyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet har normalt eit spesielt ansvar for å følgje opp at heradsstyret sine vedtak i samband med rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgd opp. Det vert vist til kommunelova § 23-2, e) der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at:

e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»

Vidare står det dette i «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»

Rapportering frå kontrollutvalet til heradsstyret i tråd med forskrifta skjer normalt i samband med at utvalet årleg legg fram si årsmelding for heradsstyret til godkjenning.

Det er etter sekretariatet si vurdering rimeleg å knytte handlingsplanen for oppfølging av forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg til kommunen sin eigedomsstrategi.

Når oppfølginga av forvaltningsrevisjonen blir høyrande til ein kommunal strategi, vil det vere heradsstyret som gjer endeleg vedtak om strategien, og som da får eigarskap til strategien, med delegert oppfølging av strategien og dens handlingsplan til det utval heradsstyret sjølv finn føremålstenleg. I Kvam vil dette seie anten formannskapet eller miljø-, plan- og bygningsutvalet. Utover å sjå til at handlingsplanen for oppfølging av forvaltningsrevisjonen faktisk blir lagt til i eigedomsstrategien, vil kontrollutvalet slik sekretariatet ser det ikkje lenger ha nokon rolle i oppfølging av forvaltningsrevisjonen. Kontrollutvalet vil likevel på eitkvart tidspunkt kunne be om ei orientering om oppfølginga av strategien.

Etter sekretariatet sitt syn er rapporteringa frå rådmannen i vedlegga siste ledd for kontrollutvalet å sjekke av at heradsstyret sitt vedtak etter revisjonsrapporten blir følgt opp. Det er sekretariatet sitt syn at eventuell vidare oppfølging no ligg i den politiske rapporteringslinja, og ikkje til kontrollutvalet. Sekretariatet vurderer at dette er eit godt utfall av ein forvaltningsrevisjon.

Konklusjon

Kontrollutvalet bør ta informasjonen om den vedtekne kommunale eigedomsstrategien med den tilhøyrande oppfølginga av forvaltningsrevisjonen innan vedlikehald av offentlege bygg, til orientering. Kontrollutvalet bør seie seg nøgde med at tiltaka etter forvaltningsrevisjonen er lagt til ein politisk vedteken eigedomsstrategi, vurdere at vidare oppfølging av tiltaka ligg i den politiske rapporteringslinja, og lukke saka frå si side.



Kvam Kontrollutval v/Stian Skår Ludvigsen

Vår ref.: DokumentID 24/29103

Dykkar ref.:

Dato: 12.11.2024

FORVALTNINGSREVISJON INNAN VEDLIKEHALD AV OFFENTLEGE BYGG - SVAR PÅ REVISJONSRAPPORT

Det vert vist til kontrollutvalet si behandling av revisjonsrapport knytt til vedlikehald av offentlege bygg i Kvam herad 20.2.2024. Vedlagt fylgjer svar på spørsmål og kommentarar på kontrollutvalet sine innstillingspunkt.

Helsing

Nils Eivind Stranden

Konstituert teknisk sjef

Telefon: 959 42 881

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Anita Hesthamar

Kenneth Rønn Kristensen

Stein Rykkje

Vedlegg:

12.11.2024

Tittel:

Svar til kontrollutvalet på forvaltningsrapport frå Deloitte sak 2023 377 17

Svar til kontrollutvalet på forvaltningsrapport frå Deloitte sak 2023/377 - 77			
Nr	Tekst punkt	Rådmannen sitt svar	Oppfølging
1	Utarbeide ein vedlikehaldsstrategi som er politisk forankra og som inneheld Kvam herad sine ambisjonar for tilstand på kommunale føremålsbygg og korleis kommunen skal arbeide for å oppnå og oppretthalde denne tilstanden	Rådmannen la fram «eigedomsstrategi for Kvam herad» 25.9.2024 (sak 095/24). Strategien vart vedteke. Strategien inneheld Kvam herad sine ambisjonar for tilstand på kommunale føremålsbygg. Rapporten er delt opp i : Del 1 : Slik har me det Del 2: Kvar vil me Del 3: Korleis kjem me dit	Punktet er utført
2	Sikre ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigar, forvaltar og brukar av dei kommunale bygga.	Eigedomsstrategien inneheld kapittel om systematisk oppdatering av brukarønskje/behov. Det skal utarbeidast ein servicekontrakt der brukarbehov, eigen medverknad og tenesteytar er med for bruk av kommunalt eigde bygg. Malar for ulike service-kontraktar (ulike formål) vert utarbeidde og oppdaterte ut frå brukserfaring. Desse skal gjennomgåast i lag med brukarane av dei ulike føremålsbygga og tilpassast for kvart enkelt tenestetilbod. Arbeidet med avtalar for ansvarsfordeling er starta i oktober 2024 og planlagt ferdigstilt tidleg vår 2025.	Sjå handlingsplanen (Heilskapleg forvaltning)
3	Etablere system og rutinar som legg til rette for kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukarar av kommunale bygg, for å sikre betre informasjonsflyt internt i administrasjonen og til/ frå dei folkevalde.	Politikarane kan nytte linken Politikerdashbordet for å sjå plassering av kommunale bygg, formålet, tilstandsgrad og budsjett (avsette midlar, anbefalt og behov). Omtale av bygga finn ein også i eigedomsstrategien Det vert no testa ut ei program for booking av t.d. idrettshallar, kommunale område og på sikt kommunale kaiar (Aktiv kommune)	

		Elles vert LAFT og IK-bygg nytta som det daglege verktøyet for kommunikasjon mellom brukarane og byggdrift, faste rutinar, internkontroll, bustadutleige og styring av reinhald. Utdrag og statistikkar frå desse kan presenterast for dei folkevalde om ynskjeleg. Frå strategien er dette også lista opp: • Dialogmøte vert Dialogmøte vert gjennomført mellom eigar og brukarar minst annakvart år. Dette kan gjerne kombinerast med at felles synfaring av formålsbygg vert gjort med brukar og FDVU. Frekvens skal avgjerast basert på brukstype. • FDVU rapporterer status til teknisk sjef kvartalsvis. • Årleg rapportering til politisk nivå i samband med budsjett-prosessen på vedlikehaldsstatus og behov, forankra i langsiktige vedtekne planar. Suksess-indikatorar inngår i rapporteringa (måling/kontroll, samanlikning med beste praksis, smarte system, Kostra)	Sjå handlingsplanen (Heilskapleg forvaltning)
4	Gjera ei nærare vurdering av kapasitet og kompetanse og vurdere kva tilnærming som er mest kostnadseffektiv når det gjeld å sikre naudsynt kapasitet for å kunne ivareta eit tilfredsstillande vedlikehald av den kommunale bygningsmassen	Eigedsstrategien underkapittel del 3 skildrar FDVU bygg sin kompetanse og kapasitet, og bør styrkjast på nokre felt. Det er også beskrive at det er ynskjeleg å selje unna «lettseld» bygningsmasse som er kategorisert som C-bygg for å ta ned vedlikehaldsbehovet. Eigedsstrategien listar at det er størst behov for tilsynskontroll av lov pålagde kontrollar av tekniske anlegg og andre pålagde kontrollområde. Nytilsetjingar må vere forankra i budsjetttrammer og vere internt godkjent av rådmannen før gjennomføring	Sjå handlingsplanen (Organisering)

5	Systematisere arbeidet med gjennomføring av tilstandsvurderingar av bygga, og vurdere å etablere rutinar for jamlege vedlikehaldsrundar/synfaringar der både forvaltar og brukar av bygga er representert.	Servicekontrakt; brukarbehov, eigen medverknad og tenesteytar skal munna ut i ein service-kontrakt for bruk av kommunalt eigde bygg. Malar for ulike servicekontraktar (ulike formål) vert utarbeidde og oppdaterte ut frå brukserfaring. Dette heng saman med svara til spørsmål 2 og 3, ved synfaring i lag med brukarane når brukaravtalar vert gjennomgått og oppdatert.	Sjå handlingsplanen (Heilskapleg forvaltning)
6	Sørge for at det blir utarbeidd ei fullstendig og oppdatert oversikt over vedlikehaldsetterslep knytt til heradet sin bygningsmasse.	Vedlikehaldsetterslepet i 2024 er vist i Eigedomsstrategien. Vedlikehaldsetterslep er her brukt til å skildra gapet mellom planlagt vedlikehaldstiltak etter vedtekne standardar og planar, og det som faktisk er gjort («skulle ha vore gjort, men er ikkje gjort»). Vurdering av vedlikehaldsetterslep av alle kommunale formålsbygg vart gjort i programmet IK Bygg i mars 2024. For kvart bygg er vurdering gjort for 6 hovudgrupper med sine underkapittel. Bygga er delt i A,B og C bygg med eit totalt etterslep på 269 mill. kroner.	Punktet er utført
7	Lage ein handlingsplan til kontrollutvalet innan 05.08.2024 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.	Handlingsplanen som er etterspurd, ligg i «Eigedomsstrategien for Kvam herad».	Handlingsplanen med oppfylging er vedlagt

Handlingsplan for Egedomsforvaltning av kommunale bygg i Kvam herad

Heilskapleg forvaltning	Oppfølging
- Egedomsforvaltninga skal understøtta kjerneverksemda ved å ivareta brukarane sine ønskje ved dialogbasert behovskartlegging: - Service-avtalar skal etablerast der avtalte tenester og forventingar frå både eigar/tenesteytar og brukar er spesifiserte. Malar for serviceavtalar for ulike brukarar vert utarbeidde og oppdaterte ut frå praktisk erfaring. - Dialogmøte vert gjennomført mellom eigar og brukarar minst annakvart år. Dette kan gjerne kombinerast med at felles synfaring av formålsbygg vert gjort med brukar og FDVU. Frekvens skal avgjerast basert på brukstype. - Årleg rapportering til politisk nivå i forkant av budsjett-prosessen på vedlikehaldsstatus og behov, forankra i langsiktige vedtekne planar. Suksess-indikatorar inngår i rapporteringa (måling/kontroll, samanlikning med beste praksis, smarte system, Kostra) - FDVU rapporterer status til teknisk sjef kvartalsvis. - Ein eigen strategiplan for forvaltning og drift av uteareal knytt til parkar, idrettsplassar, friluftsområde etc bør utarbeidast der organisering, avklaring av rollar og ansvar, etterslep og ressursbehov framgår.	Teknisk eining i samarbeid med brukargrupper FDVU Teknisk sjef – årleg FDVU leiar 2025
Berekraft	Teknisk eining
- Miljø-sertifisering: - frå 2025 skal alle nye større bygg tilfredsstilla krav til BREEAM-NOR klasse «good» eller betre. - Alle kommunale formålsbygg skal vera merkte med energiklasse innan utgangen av 2026. - Alle formålsbygg skal vera godkjende som Miljøfyrtårn innan utgangen av 2027. - Totalt energiforbruk pr m2 for alle formålsbygg skal reduserast med 20 % frå 2020 til 2030	Start 2024 2026 2027 2030

• Alle nye bygg frå 2025 skal vurderast ut frå Livssyklus-kostnader (LCC), og ha ambisiøse berekraftsmål (miljø/klima, fornybar energi, gjenbruk av material, arealeffektivitet, fossilfrie byggeplassar) som del av krava i tilbodsokumentasjonen. Mal for krav-spesifikasjon skal utarbeidast og oppdaterast årleg. Prosjekt-veiviseren utarbeidd av Digitaliseringsdirektoratet, eller tilsvarende, skal nyttast som prosjektstyringsverktøy av nye større formålsbygg og store rehabiliteringsprosjekt www.prosjektveiviseren.digdir.no • Renovasjon: total mengd restavfall skal reduserast med 30 % i perioden frå 2020 til 2030 ved betre kjeldesortering og sikring av oppstillingsplassar for boscontainerar. • Totalt vassforbruk i kommunale bygg skal reduserast med 10% frå 2020 til 2030 ved utbetring av eksisterande lekkasjar, t.d. ved bruk av vassmålarar som kan fjernavlesast.	Start 2025 Start 2024 Start 2025
Organisering	Rådmann og teknisk eining
• Etter val av nytt heradsstyre skal tema eigedomsstrategi og heradsstyret sitt eigaransvar inngå i politkaropplæringa. • Organisering av FDVU (forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling) skal ha ei avklart rolle-fordeling, optimal ressursutnytting og plan for kompetanseutvikling. Avklart rolle- og ansvarsfordeling skal kommuniserast til brukarane gjennom årlege dialogmøte. • Kompetanseutvikling skal vera basert på årleg kartlegging av behov for ny eller fornying av fagleg kompetanse i FDVU sitt eige mannskap. Det er eit mål å ha breiast mogleg kompetanse i eigen organisasjon. • Behov for tilleggsressursar skal innarbeidast i årsbudsjett • Tekniske tiltak som digitale verktøy og automatisk utstyr skal takast i bruk for å redusera kostnader innan forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling. • Kartleggja kva type oppdrag som fell utanfor FDVU sitt kjerneområde, og som difor kan utførast av eksterne aktørar.	Start 2025 Start 2024 Kontinuerleg Start 2024

Godt verdibevarende vedlikehald og målretta utvikling av eigedomane	FDVU
• Verktøy som LAFT, IK bygg (internkontroll og vedlikehald) og INSTA 800 (reinhold) skal nyttast til systematisk tilstandsvurdering og planlegging av drifts- og vedlikehaldstiltak dokumentert i årlege og rullerande 4-års vedlikehaldsplanar. • Alle bygg skal ha definerte ambisjonsmål. Bygga skal klassifiserast ut frå korleis heradet skal satsa på desse i framtida: ○ A-bygg er slike som det skal satsast på (eigna til formålet og som kan vidareutviklast). Skal ha tilstandsgrad TG 1.2 eller betre. Tiltak: verdibevarende vedlikehald og utviklingsmidlar. ○ B-bygg er bygg som me vil driva vidare (eigna til formålet, men ikkje lett kan utviklast). Skal ha tilstandsgrad TG 1.2 eller betre. Tiltak: verdibevarende vedlikehald. ○ C-bygg er slike som ikkje er eigna til formålet eller som er i svært dårleg stand, og som skal avhendast eller rivast. Strategisk verdi av tomte skal vurderast i kvart enkelt tilfelle. • Areal- og energieffektive formålsbygg: ved endra arealbehov (nybygg, ombygging) skal gjeldande føringar for normerte minimumskrav, t.d. m2/brukar, kWh/m2, vurderast. Slike normerte arealkrav skal etablerast. Sambruk/fleirbruk av areal skal også vektleggjast.	etablerast 2025 Start 2024 Kontinuerleg 2025
Økonomi	Rådmann/Teknisk sjef
• Avhending/sal av bygg i klasse C skal førebuaast og iverksetjast. • Gapet mellom faktiske og tilrådde budsjettressursar til verdibevarende vedlikehald skal gradvis reduserast, og midlar sikrast i årlege budsjett og langsiktige budsjett-planar med mål om å ha lukka gapet innan 2030. • Vedlikehaldsetterslep skal takast inn på ein systematisk måte i årlege budsjett med mål om å ha dette inndecka innan 2035. A- og B-bygg vert prioriterte.	Start 2025 Frå 2025 Start 2025

• Eksterne tilskotsordningar (Husbanken, offentlege tilskot til energi/miljø og liknande) vert aktivt nytta til finansiering av eigedomsporteføljen • Bruka formålstenlege og innovative innkjøpsmetodar der også samarbeid med private eigedomsaktørar vert vurdert for å styrkja behovsdekkinga • Sal av eigedom skal normalt vera til marknadspris. Unntak frå dette skal ha særskild godkjenning, og differanse mellom marknadsverdi og faktisk salsverdi skal utgiftsførast som eit tilskot i heradet sitt driftsrekneskap.	Kontinuerleg
	Kontinuerleg
	Kontinuerleg
Lov-krav	Teknisk eining
• Dokumentasjon på at gjeldande lovpålagde krav til brukar og eigar skal vera oppfylte. Ved eventuelle avvik skal dokumentasjon liggja i internkontrollsystemet til FDVU.	kontinuerleg



Saksframlegg

Saksnr: 2024/91-12
Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	43/24	03.12.2024

Forvaltningsrevisjon innan barnevern - status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal gjera greie for status for arbeidet med den pågåande forvaltningsrevisjonen innan barnevernstenesta i Kvam.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet handsama prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan barnevernstenesta i Kvam i møte 10.09.2024, sak PS 35/24, der følgjande vart protokollert:

Behandling i møte

Beate Gauden (MDG) ba om å få vurdert sin gildskap grunna nær relasjon til tidlegare fosterbarn.

Bjarte Helland (INP) ba om å få vurdert sin gildskap grunna at han er fosterforelder til eit barn frå anna kommune, og dermed underlagt tilsyn frå Kvam herad.

Revisor opplyste om at det ikkje er aktuelt å gå inn i gamle saker, men at det er aktuelt å gå inn i Kvam si tilsynsrolle ovanfor fosterheimar med barn frå andre kommunar.

Gauden og Helland trådte frå første votering over gildskap. Eit samstemt utval fann Beate Gauden gild.

Helland trådte frå andre votering over gildskap. Eit samstemt utval fann Bjarte Helland ugild.

Forvaltningsrevisor, Annbjørg Ryssdal, orienterte om prosjektplanen og svarte på spørsmål.

Det blei ytra ønske om å intervju fosterforeldre. Revisor meinte det kunne la seg gjere å intervju interesseorganisasjon for fosterforeldre. Revisor vil leggje til ei setning om dette i revidert prosjektplan, og evt. kome tilbake til kontrollutvalet med behov for fleire timar i tilleggsbestilling om det er aktuelt.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan barneverntenesta i Kvam herad frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 24.09.2024. Dersom korrigeringar, har kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna den endelege prosjektplanen.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, under føresetnad av at maksimalt 258 timar fakturerast i 2024.
4. Det vert også akseptert følgjande opsjonar:
 - a) Inkludering av problemstillingar knytt til fosterheimar i forvaltningsrevisjonen, inntil 85 timar.
 - b) Presentasjon av rapporten i Kvam heradsstyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 19.08.2025, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

I etterkant av møtet sendte forvaltningsrevisor oppdatert prosjektplan i tråd med punkt 2 i vedtaket over. I oversendinga skriv revisor mellom anna: «Etter innspel frå kontrollutvalet er det lagt inn ei setning om intervju med representant i organisasjon som representerer fosterforeldre lagt i 3.2 *intervju* i prosjektplanen».

I godkjent prosjektplan har revisor definert slikt føremål:

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke om barneverntenesta etterlever sentrale krav knytt til sakshandsaming og oppfølging av barn i barneverntenesta».

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd slike problemstillingar som vil bli undersøkt:

- 1. I kva grad har Kvam herad etablert tilfredsstillande system og rutinar for mottak og handsaming av bekymringsmeldingar?**
 - a) I kva grad er arbeidet med bekymringsmeldingar organisert på ein hensiktsmessig måte?
 - b) Blir meldingar handsama innan fristen på ei veke?
 - c) Blir henlagde meldingar tilstrekkeleg grunngjeve?
 - d) Blir det gitt tilbakemelding til melder om mottak og handsaming av meldinga?
- 2. I kva grad har Kvam herad etablert tilstrekkelege rutinar for igangsetting og gjennomføring av undersøkingar?**
 - a) Blir undersøkingane gjennomført innanfor fristen på tre (eventuelt seks) månadar?
 - b) Blir undersøkingane tilstrekkeleg dokumenterte?
 - i. Blir det utarbeidd plan for undersøkingane?
 - ii. Blir gjennomføringa, observasjonar og konklusjonar tilstrekkeleg dokumentert og kvalitetssikra?
 - iii. Blir barnets stemme tilstrekkeleg dokumentert i undersøkinga?
- 3. I kva grad har Kvam herad etablert system og rutinar for iverksetting og oppfølging av hjelpetiltak?**
 - a) Blir hjelpetiltaka iverksett innan rimeleg tid?
 - b) Blir det utarbeidd tiltaksplanar for alle vedtekne hjelpetiltak?
 - c) Blir hjelpetiltaka tilstrekkeleg følgt opp, evaluert og eventuelt korrigert?
 - d) Blir barns medverking tilfredsstillande dokumentert?
- 4. I kva er det etablert tilstrekkeleg system og rutinar for førebyggjande arbeid som involverer barneverntenesta i tenester til barn og unge?**
 - a) Har Kvam herad etablert mål og planar for det førebyggjande arbeidet i kommunen?
 - b) I kva grad er det etablert system og rutinar for samarbeid mellom barneverntenesta og andre aktørar i det førebyggjande arbeidet i kommunen (som til dømes skule, barnehage, politi, helsestasjon, PPT)?

Kontrollutvalet har i tillegg vedteke å ta inn følgjande problemstilling (tilbode som opsjon):

- 5. I kva grad har kommunen etablert system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg oppfølging og tilsyn av barn i fosterheimar?**
 - a) Har kommunen tilgang til tilstrekkeleg med fosterheimar?
 - b) I kva grad rekrutterast fosterheimar i barnet sin familie og nære nettverk?
 - c) I kva grad er det etablert rutinar for godkjenning av fosterheimar?
 - d) I kva grad er det etablert tilfredsstillande rutinar knytt til oppfølging av barn sin situasjon i fosterheim?
 - i. Er det etablert omsorgsplan for barna?
 - ii. Blir det gjennomført tilstrekkeleg med oppfølgingsbesøk?
 - iii. Blir oppfølgingsbesøka tilstrekkeleg dokumenterte?
 - iv. Blir barn sin medverknad i eigen sak tilfredsstillande dokumentert?
 - v. Gir barnevernstenesta fosterforeldre naudsynt råd og rettleiing?
 - vi. Er det etablert rutinar for oppfølging av biologiske foreldre?
 - vii. I kva grad klarer kommunen å førebygge utilsikta flyttingar?
 - e) I kva grad er det etablert en tilfredsstillande ordning knytt til tilsyn med fosterheim?

Metode

I dette revisjonsprosjektet vil Deloitte m.a. nytta dokumentanalyse, intervju, stikkprøvekontroll, analyse av statistikk og verifisering og høyring som metode.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har mynde til å gjennomføre forvaltningsrevisjonar medan det er heradsstyret som har mynde til å vedta revisjonsrapporten, jf. kommunelova § 23-3 og § 23-5.

Vurderingar og verknader

Deloitte vil i møtet orientere om status og framdrift i prosjektet. Dei vert også utfordra på å ta opp med kontrollutvalet dersom dei ser tilhøve (raude eller gule flagg) som gjer at det bør gjerast endringar i bestillinga.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå forvaltningsrevisor til orientering. Om det derimot td. blir argumentert for at det trengst lenger frist på levering av revisjonsrapport, eller anna som krev justering ift. godkjend prosjektplan, må alternativt forslag til vedtak utformast i møtet.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/426-13
Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	44/24	03.12.2024

Møteplan for kontrollutvalet for 2025

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i Kvam herad legg opp til slik møteplan for 2025:

Dato:
18.02.2025
01.04.2025
06.05.2025
30.09.2025
02.12.2025

Samandrag

Føremålet med denne saka er å få vedteke ein møteplan for kontrollutvalet i Kvam herad for 2025.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er praktisk at møtetider i kontrollutvalet er tilpassa saker som eventuelt skal vidare til formannskapet og heradsstyret. Møteplanen for 2025 for øvrige politiske utval i Kvam herad blei handsama i heradsstyret 14.11.2024. Av denne møteplanen går det fram at møta i heradsstyret i hovudsak er lagt til torsdagar. For formannskapet er møta også i hovudsak lagt til torsdagar. Då kan det vera praktisk at kontrollutvalet legg sine møter på andre vekedagar. Det er også teke omsyn til at ein representant ikkje har høve til å møte på måndagar og at ein representant også har sete i fylkestinget mv., samt til stortingsvalet og til sekretariatet sine ressursar og andre møte. Sekretariatet har på bakgrunn av det lagt inn tysdag som ein aktuell vekedag for møta i kontrollutvalet.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å vedta eigen møteplan, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av det som går frem over har vi laga eit forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2025.

Heradsstyret skal handsame årsrekneskapen 15.05. På grunn av påsken, blir det krevjande å handsame uttale til årsmelding og årsrekneskap før 06.05. Det gjer utfordring i at kontrollutvalet si innstilling ikkje kan følgje med innkallinga til formannskapsmøtet 08.05, men at formannskapet i staden må få sekretariatet si innstilling og orientering om kontrollutvalet sitt vedtak i møte. Vi har sjekka med rådmannen at det kan gjerast slik.

I september er det ikkje mogleg å halde tysdagsmøte før 30.09. Dette kan gje behov for manuell registrering av kontrollutvalet sitt budsjett i kommunen sitt budsjettssystem, da frist i 2024 var 26.09. Sekretariatet har sjekka med heradet sin controller at det skal late seg gjera.

Utkast til møteplan for kontrollutvalet: (Tysdag)	Merknad:	Aktuelle møter, dersom saker skal vidare til:	
		Formannskapet (Torsdag)	Heradsstyret (Torsdag)
18.02.2025	Årsmelding for 2024 for KU Kurs innan arkivering, journalføring og offentlegheit	13.03	20.03
01.04.2025	Bestilling ny revisjon?		
06.05.2025	Kommunerekneskap for 2024 Årsrekneskap Kvammabadet 2024 Uavhengighetserklæring	08.05	15.05
30.09.2025	Revisjonsrapport barnevern Revisjonsplan 2025 Risikovurd. etterlev 2025 Budsjett 2026 for KU (frist i 2024 var 26.9)	30.10	07.11
02.12.2025	Interimsrevisjonsrapport		11.12

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtek møteplan for 2025 slik den ligg føre.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/428-7

Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	45/24	03.12.2024

Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

Samandrag

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad som kan vera av interesse for utvalet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet 30.11.2023 vart kontrollutvalet samde om å fordele oppgåvene med å lese gjennom møteprotokollane slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Heradsstyret	Jan-Ove Fredheim og Borghild Storaas Ones
Formannskapet	Beate Gauden
Miljø, plan og bygningsutval	Trygve Vik

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse i protokollane. Møtebøkene kan lastas ned frå heimesida til heradet Møteplan 2024 - Kvam herad - Nettsider for Kvam herad (www.kvam.no)

Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i heradet på, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som er aktuell for gjennomgang:

- Heradsstyret 25.09 og 14.11
- Formannskapet 19.09, 07.11 og 27.11
- Miljø, plan og bygningsutval 18.09 og 26.11

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgangen av protokollane som kontrollutvalet bør vite meir om, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga over til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/429-7

Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	46/24	03.12.2024

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Samandrag

Det er lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv å ta opp saker som ikkje er på sakslista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Denne saka er å sjå på som ei formalisering av kommunelova § 11-2 siste avsnitt som seier:
«Alle medlemmer kan stille spørsmål til lederen, også om saker som ikke står på sakslisten».

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å behandle sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare utgreiing av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt få ei orientering frå rådmann eller andre i eit seinare møte.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/423-4

Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	14/24	03.12.2024

Referatsaker til møte 03.12.2024

Forslag til vedtak

Referatsakene vert teken til orientering

Samandrag

Dette er ei samlesak for referatsaker. Kort om vedlegga:

- 1) Statsforvaltaren si tilbakemelding på spørsmål om hst-vedtak om prosess på handlingsplan offentlege bygg. Det vert ikkje gjort lovlegkontroll av prosessvedtak.
- 2) E-post frå sekretariatet til utvalsleiar med orientering om tilbakemeldinga i (1).
- 3) Rapport etter tilsyn med økonomisk rådgjeving. Det er ikkje avdekt lovbrøt ved tilsynet.
- 4) Inspeksjonsrapport etter tilsyn ved Kvam vassverk Strandebarm. Mattilsynet vurderer å fatte vedtak om å oppdatera plan for beredskapsøving, og om å ferdigstilla farekartlegging knytt til leveringssikkerheit.
- 5) Inspeksjonsrapport etter tilsyn ved Kvam vassverk Norheimsund-Øystese. Mattilsynet vurderer å fatte vedtak om å oppdatera plan for beredskapsøving, og om å fastsetja tiltak for å gi betre leveringssikkerheit.
- 6) Nytt frå FKT oktober 2024. Lenker med diverse info av relevans for kontrollutvala.
- 7) FKT og NKRF sin rettleiar i orienteringar frå kommunedirektør er fastsett.
- 8) NKRF sin kontrollutvalskonferanse 2025. Haldast 29.-30.01.25; påmeldingsfrist 17.12.24.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Tilbakemelding - Kvam - vedlikehald - offentlege bygg.pdf.PDF
- 2 Tilbakemelding - Kvam - vedlikehald - offentlege bygg
- 3 Rapport etter tilsyn med økonomisk rådgjeving
- 4 Inspeksjonsrapport med varsel om at vi vurderer å fatte to vedtak.PDF
- 5 Inspeksjonsrapport med varsel om at vi vurderer å fatte to vedtak.PDF
- 6 Nytt fra FKT oktober 2024
- 7 Ny anbefalingen for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene - orienteringar fra kommunedirektøren
- 8 NKRF Kontrollutvalgskonferanse 2025



Sekretariat for kontrollutvalet
Postboks 7900
5020 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hugo Morken, 5557 2117

Tilbakemelding på oppmoding om lovlegkontroll av Kvam heradsstyre si avgjerd i sak 021/24

Vi viser til brev 26.06.2024 der sekretariatet for kontrollutvalet i Kvam herad oppmoda Statsforvaltaren om å gjere lovlegkontroll av Kvam heradsstyre si avgjerd i sak 021/24. I den aktuelle saka handsama heradsstyret sak om korleis forvaltningsrevisjonsrapport om vedlikehald av offentlege bygg i Kvam herad skulle følgjast opp.

Statsforvaltaren finn ikkje grunnlag for å gjere lovlegkontroll av Kvam heradsstyre si avgjerd i sak 021/24.

Etter kommunelova § 27-1 andre ledd har Statsforvaltaren, etter delegasjon frå departementet, høve til å gjere lovlegkontroll av eit kommunalt vedtak av eige tiltak, dersom «*særlige grunner*» tilseier det. Det er i stor grad opp til Statsforvaltaren sitt skjønn om høvet til å utføre lovlegkontroll av eige tiltak skal nyttast. Ingen har rettsleg krav på at Statsforvaltaren utfører lovlegkontroll av eige tiltak. Etter førearbeida til føreseigna skal terskelen for at Statsforvaltaren skal gjere lovlegkontroll av eige tiltak vere høg¹.

Vidare viser vi til at det etter kommunelova § 27-2 første ledd bokstav a er «*endelige vedtak*» som kan lovlegkontrollerast. Dette inneber at det er den endelege avgjerda, det vil seie den avgjerda som avsluttar saka, som kan kontrollerast. Prosessleiane avgjerder som vert gjort undervegs i behandlinga av ei sak kan ikkje kontrollerast ved ein lovlegkontroll.

Statsforvaltaren kan ut frå ei konkret vurdering ikkje sjå at det er grunnlag for å opne ei sak om lovlegkontroll i denne saka. Som nemnd gjeld den aktuelle saka korleis ein forvaltningsrevisjon skulle følgjast opp. Vi vurderer det derfor slik at det vedtaket som heradsstyret gjorde ikkje er eit endeleg vedtak.

Som ei generell regelorientering vil vi likevel vise til at det etter kommunelova § 22-1 første ledd er kommunestyret som har det øvste ansvaret for å kontrollere kommunen si verksemd.

¹ Jf. Prop. 46 L (2017-2018) s. 332



Kommunestyret kan i denne samanheng «*kreve at enhver sak skal legges fram til orientering eller avgjørelse*». Vidare følgjer det av kommunelova § 23-1 andre ledd at kommunestyret skal velje eit kontrollutval «*som skal føre løpende kontroll på deres vegne*». Desse reglane er ei vidareføring av føresegnene i kommunelova 1992 § 76 første punktum og § 77 nr. 1 første punktum, som igjen var ei vidareføring av § 60 nr. 1 og 2 i den opprinneleg vedtekne lova. Føresegnene bygde i det alt vesentlege på forslaget frå kommunelovutvalet, som i NOU 1990:13 s. 266 mellom anna uttalte følgjande om korleis kommunestyret kunne utøve tilsynet:

«Måten tilsynet skal utøves på i praksis vil det være opp til kommunestyret/fylkestinget selv å bestemme. Det normale bør være at man går veien om kontrollnemnda [...] og nøyer seg med å forholde seg til det som kommer fra denne, men noen absolutt binding til å følge denne framgangsmåten kan det etter utvalgets syn ikke være noen grunn til å etablere.»

Det er ikkje klagerett på avgjerda om ikkje å gjere lovlegkontroll.

Med helsing

Anne Kjersti Sande
fung. seksjonsleder

Hugo Morken
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Kvam herad

Grovagjelet 16

5600

NORHEIMSUND

Fra: Stian Skår Ludvigsen[]
Sendt: 27.09.2024 09:31:00
Til: Trygve Vik[trygve.vik@hotmail.com]
Kopi: Hogne Haktorson[Hogne.Haktorson@vlfk.no];
Tittel: Tilbakemelding - Kvam - vedlikehald - offentlege bygg

Da har vi endeleg fått tilbakemelding frå statsforvaltaren.

Statsforvaltaren gjer ikkje lovlegkontroll på prosessvedtak - berre på endelege vedtak.
Som generell regelorientering viser statsforvaltaren likevel til:

"det etter kommunelova § 22-1 første ledd er kommunestyret som har det øvste ansvaret for å kontrollere kommunen si verksemd.

Kommunestyret kan i denne samanheng «kreve at enhver sak skal legges fram til orientering eller avgjørelse». Vidare følgjer det av kommunelova § 23-1 andre ledd at kommunestyret skal velje eit kontrollutval «som skal føre løpende kontroll på deres vegne». Desse reglane er ei vidareføring av føresegnene i kommunelova 1992 § 76 første punktum og § 77 nr. 1 første punktum, som igjen var ei vidareføring av § 60 nr. 1 og 2 i den opprinneleg vedtekne lova. Føresegnene bygde i det alt vesentlege på forslaget frå kommunelovutvalet, som i NOU 1990:13 s. 266 mellom anna uttalte følgjande om korleis kommunestyret kunne utøve tilsynet:

«Måten tilsynet skal utøves på i praksis vil det være opp til kommunestyret/fylkestinget selv å bestemme. Det normale bør være at man går veien om kontrollnemnda [...] og nøyer seg med å forholde seg til det som kommer fra denne, men noen absolutt binding til å følge denne framgangsmåten kan det etter utvalgets syn ikke være noen grunn til å etablere.»"

Heradsstyret står dermed fritt til å gjere prosessvedtak om korleis dei ønskjer oppfølginga av ein forvaltningsrevisjon.

I den aktuelle saka burde kontrollutvalet da innstilt på handlingsplanen til heradsstyret. Kontrollutvalet har ikkje gjort dette, berre teke handlingsplanen til orientering. I dette tilfellet blir handlingsplanen bygd inn i heradet sin eige eigeomsstrategi. For å forenkle saksgangen for heradsstyret og framdrifta på eigeomsstrategien, vil det ikkje da vere enklast at heradsstyret gjerast kjent med at dei implisitt godkjenner handlingsplanen ved å godkjenne eigeomsstrategien?

I si orientering til heradsstyret sa ordførar at det var innført ny rutine med at handlingsplanar skal leggjast fram for godkjenning i heradsstyret. Konsekvensen av Statsforvaltaren si generelle regelorientering er at ein slik rutine faktisk kan innførast, og gjelde alle handlingsplanar. Eit spørsmål til ordførar blir om dette er noko han faktisk ønskjer seg?

Det får lite konsekvens for sekretariatet og kontrollutvalet – forskjellen for oss blir at i staden for at kontrollutvalet tek handlingsplanane til orientering, så innstiller kontrollutvalet til heradsstyret å godkjenne handlingsplanane – men for rådmannen og framdrifta på oppfølgingsarbeidet kan det ha store konsekvensar, alt ettersom kor fritt

rådmann står til å iverksette handlingsplanar før dei er godkjende. For oss får det likevel betydning at vi bør planleggje for framlegging av handlingsplanar slik at dei raskast mogleg kjem vidare til heradsstyret.

Synspunkt på dette, og korleis vi tek dette vidare? Korleis tek vi dialogen vidare med ordførar?

Med helsing

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 41 32 27 34
www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.



Kvam herad
Grovagjelet 16
5600 NORHEIMSUND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Linda Kråkenes, 5557 2175

Rapport etter tilsyn

Vi gjennomførte tilsyn med Kvam herad 20.-21. mars 2024. Temaet for tilsynet var Nav-kontorets ansvar for å tilby tenesta økonomisk rådgjeving til personar i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Tilsynet er gjennomført som del av eit landsomfattande tilsyn initiert av Statens helsetilsyn.

Kvam herad er ved førebels rapport 21.06.2026 varsla om pålegg om retting av lovbrøt, og har fått høve til å komme med merknader til dette. Kommunen har meldt tilbake 05.07.2024. Vi har på bakgrunn av tilbakemeldinga frå kommunen kome til ein annan konklusjon enn den som stod i den førebelse rapporten. Det er ikkje avdekt lovbrøt ved dette tilsynet.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen
seksjonssjef

Linda Kråkenes
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Innhald

1. Tilsynets tema og omfang	3
2. Aktuelt lovgrunnlag for tilsynet	3
3. Framstilling av faktagrunnlaget	5
4. Vurdering av faktagrunnlaget opp mot aktuelt lovgrunnlag	11
5. Statsforvaltarens konklusjon	13
Vedlegg: Gjennomføring av tilsynet	14



1. Tilsynets tema og omfang

I dette kapitlet skildrar vi kva som vart undersøkt i tilsynet.

Statsforvaltaren har undersøkt og vurdert om tenesta økonomisk rådgjeving til personar i ein vanskeleg økonomisk situasjon, er forsvarleg.

Statsforvaltaren har undersøkt om:

- Nav-kontoret gjer tenesta økonomisk rådgjeving tilgjengeleg
- Nav-kontoret gjer skriftleg vedtak om tenesta og startar opp tenesta til riktig tid
- Nav-kontoret sørgjer for ei forsvarleg oppfølging av brukarar som mottok tenesta økonomisk rådgjeving

Tilsynet er gjennomført som ein systemrevisjon. Det inneber at vi har ført tilsyn med korleis kommunen gjennom styring og leiing oppfyller krava til forsvarleg økonomisk rådgjeving.

Brukarane sine meiningar om og erfaringar med tenestetilbodet i kommunen er viktig informasjon for tilsynsmyndigheitene. Statsforvaltaren har derfor hatt samtale med eit utval brukarar i dette tilsynet.

Tilsynet er del av eit landsomfattande tilsyn for 2024-25. Det at tilsynet er landsomfattande, betyr at alle statsforvaltarane gjennomfører tilsyn med same tema, og innanfor den fastsette perioden. Formålet med det landsomfattande tilsynet er å skape nasjonal merksemd om området, avdekke svikt og bidra til forbetring. Helsetilsynets rettleiar for tilsynet er publisert på Helsetilsynets nettsider. Tilsynsrapportane frå alle statsforvaltarane og Helsetilsynets oppsummeringsrapportar, vert også publiserte der.

2. Aktuelt lovgrunnlag for tilsynet

Statsforvaltaren fører tilsyn med om kommunen oppfyller plikter som følgjer av sosialtenestelova, sjå sosialtenestelova § 9. Tilsynet omfattar også den delen av kommunens internkontroll som skal sikre at kommunen oppfyller dei pliktene som følgjer av sosialtenestelova kapittel 4, jamfør kommunelova § 25-1.



Tilsyn er ein kontroll av om verksemda er i samsvar med gjeldande lovkrav. Her gjer vi kort greie for dei lovkrava som er lagt til grunn ved dette tilsynet.

Økonomisk rådgjeving er ein del av tenesta opplysning, råd og rettleiing som er heimla i sosialtenestelova § 17. Ifølgje sosialtenestelova § 4 skal tenesta vere forsvarleg.

Krav til forsvarleg tilgang til tenesta

Kommunen må sikre at Nav-kontoret gjer tenesta økonomisk rådgjeving tilgjengeleg, sjå sosialtenestelova §§ 17, 4, forvaltningslova § 11 og kommunelova § 25-1.

Kravet inneber at kommunen ved Nav-kontoret

- identifiserer det moglege behovet personar har for økonomisk rådgjeving
- ikkje avviser personar med mogleg behov for økonomisk rådgjeving ved å vise til Økonomi- og gjeldsrådgjevingstelefonen i Nav eller andre aktørar
- gjev personar med mogleg behov for økonomisk rådgjeving tilpassa informasjon ut frå føresetnadene og behova til personen, slik at dei blir i stand til å søkje om tenesta
- skriv ned og dokumenterer munnlege søknader om økonomisk rådgjeving

Krav til forsvarleg avgjerd og oppstart av tenesta

Kommunen må sikre at Nav-kontoret gjer skriftleg vedtak om tenesta og startar opp tenesta i riktig tid, sjå sosialtenestelova §§ 17, 4, 41, 42, 43, forvaltningslova §§ 17 og 23 og kommunelova § 25-1.

Kravet inneber at kommunen ved Nav-kontoret

- gjev brukaren høve til samtale om behovet sitt før det blir gjort vedtak
- gjer skriftlege vedtak om økonomisk rådgjeving
- set frist for oppstart av tenesta i vedtaket, ut frå behovet til brukaren og om saka hastar
- startar tenesta ut frå behovet til brukaren og om saka hastar

Krav til forsvarleg oppfølging

Kommunen må sikre at Nav-kontoret sørgjer for forsvarleg oppfølging av brukarar som mottek tenesta økonomisk rådgjeving, sosialtenestelova §§ 17, 4 og 42, kommunelova § 25-1, forvaltningslova §§ 17.



Kravet inneber at kommunen ved Nav-kontoret

- gjev brukaren tilbod om samtalar under oppfølginga
- kartlegg det økonomiske forholdet til brukaren, det vil seie inntekter, utgifter, egedelar og gjeld, og om brukaren har prioritert bort nødvendige utgifter
- kartlegg særskilde utgifter til barn, når brukaren har forsørgjaransvar
- kartlegg om andre forhold i livssituasjonen til brukaren kan påverke val av tiltak i den økonomiske rådgjevinga
- kartlegg i samarbeid med brukaren
- utformar tiltaka i samarbeid med brukaren
- tilbyr økonomisk rådgjeving for ulike typar av økonomiske problem med ulik alvorsgrad
- dokumenterer opplysningar som kjem fram i oppfølginga, slik at opplysningane kan kontrollerast og etterprøvast, og for å sikre kontinuitet i tenesta

Krav til styring og leiing

Krava som gjeld leiing, organisering og styring understrekar kommunens ansvar for å tilby og yte forsvarlege tenester. God styring og leiing bidreg til at brukarane får oppfylt rettane sine. Det kan derfor vere stor risiko for svikt i tenesteytinga dersom kommunen ikkje har tilstrekkeleg styring med kvaliteten på tenestene. Svikt i tenesteytinga kan få store konsekvensar for dei som bruker tenestene.

Kommunen skal ha internkontroll etter reglane i kommunelova § 25-1. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa storleiken, eigenarten, aktivitetane og risikoforholda i verksemda.

For meir utfyllande informasjon, sjå rettleiaren for tilsynet [Nav-kontorenes ansvar for tjenesten økonomisk rådgivning til personer i en vanskelig økonomisk situasjon | Helsetilsynet](#)

3. Framstilling av faktagrunnlaget

Her gjer vi greie for korleis tenestene fungerer med tanke på det som er temaet ved dette tilsynet.

Kvam herad har 8505 innbyggjarar (SSB 1. kvartal 2024).



Nav er ei eining under kommunalsjefen for helse- og omsorg. I tillegg til minimumsløysinga for kommunale tenester i Nav, ligg også flyktningtenesta i Nav-kontoret. Dei tre som driv med bustadsosialt arbeid, to trivselvaktmeistrar og ein bustadkoordinator, er også knytt til Nav-kontoret.

Nav-leiaren sit i leiargruppa til helse- og omsorgssjefen, som møtast kvar fjortande dag. Tenester frå Nav og økonomisk rådgjeving kan vere tema i møta. Vi fekk vite at økonomisk rådgjeving ofte kan vere aktuelt for brukarar med tenester frå helse- og omsorg. Nav-leiaren og helse- og omsorgssjefen har møte kvar veke, der dei kan ta opp ulike situasjonar og problemstillingar. Nav-leiaren rapporterer månadleg til helse- og omsorgssjefen gjennom Framsikt, tertialrapportar, budsjettarbeid og årsmelding. Kva møte og møtefrekvens dei har, går fram av årshjulet deira. Leiarmøtet i Nav Kvam blir brukt til å avklare om det er behov for endringar og justeringar for å ha forsvarlege tenester. Fagmøta er viktige i internkontrollarbeidet. Dei bruker møta til å sikre lik praksis, sjå på rutinar/arbeidsfordeling, og justere praksis ved nye reglar eller føringar. Avvik skal meldast i kvalitetssystemet Compilo. Systemet blir også brukt til å gjere Ros-analysar. Det er gjennomført Ros-analyse med problemstillinga «får me tak i dei som treng økonomisk råd og rettleiing» som er innafor det som er temaet for dette tilsynet. Kommunen har etter denne Ros-analysen mellom anna utbetra heimsidene sine, og hatt økonomi som tema i felles kontormøte i Nav. Kommunen har også auka stillingsprosenten til gjeldsrådgjevaren frå årsskiftet, og satsa på kompetanseheving på dette fagområdet for fleire tilsette dei siste åra.

Det er 21 tilsette i Nav-kontoret, med Nav-leiaren. Sju av dei tilsette jobbar primært med saker etter sosialtenestelova. Ein av dei tilsette er gjeldsrådgjevar. Nav-leiaren, fagleiaren, og ein annan av dei tilsette har mynde til å godkjenne vedtak etter sosialtenestelova. Det er fagleiaren som godkjenner dei fleste vedtaka. Den som godkjenner, sjekkar om det har vore samtalar med brukaren, at det er brukt rette lovheimlar, tidspunkt for oppstart, kva brukaren ønskjer hjelp til, og kva målet til brukaren er. Alle skal avdekke økonomiske problem på eit tidlegast mogleg tidspunkt (nivå 0) og gje enklare økonomisk rådgjeving (nivå 1). Primært er gjeldsrettleiing (nivå 2 og 3) gjeldsrådgjevarens oppgåve. Både Nav-leiaren, fagleiaren og fagleiaren i flyktningtenesta, har vidareutdanning i økonomisk rådgjeving og kan ta slike saker. Alle i sosialtenesta skal gjere vedtak etter sosialtenestelova § 17.

I arbeidet med økonomisk rådgjeving, bruker Nav-kontoret den rettleiinga som ligg på Navet, i tillegg til lov, rundskriv og rettleiaren frå AV-dir. Dei har gode fagsystem, og søknadsskjema om økonomisk



rådgjeving og gjeldsrådgjeving. Nav Kvam har rutinar for arbeidet med økonomisk stønad. Om tenesta opplysing, råd og rettleiing står det «at det skal fattast einskildvedtak når råd og rettleiing er av meir omfattande karakter enn einskildsamtaler, t.d. økonomisk rådgjeving, kontostyring, oppfølging og rettleiing i bustad. Av vedtaket skal det gå fram om vedkomande har rett til teneste og kva tid rettleiing skal starte opp». Dei har òg ei skriftleg rutine for samarbeid mellom sosialtenesta og flyktningtenesta. Nav Kvam har valt å ikkje ha for mange rutinar. Dei har størst merksemd på situasjonen til brukaren. Fagmøta blir brukt til å diskutere saker, til dømes om Nav skal gjere vedtak etter sosialtenestelova § 17, og sikre kvaliteten på praksis. Dei har fagmøte kvar tysdag. Fagleiaren deltek i møta, nokre gonger også Nav-leiaren.

Nettstaden til kommunen informerer om tenesta økonomi og gjeldsrådgjeving. Det står at tenesta er gratis, og det står om målet med rådgjevinga, kontaktinformasjon, kva du kan få hjelp til, tips om kva du kan gjere sjølv. Det kjem fram at du kan ta kontakt per telefon, sms eller e-post. Søknadsskjemaet er tilgjengeleg for dei som vil bruke det, og det er forslag til kva ein kan skrive i søknaden.

Det er ei klar forventning i kontoret at alle tilsette skal kunne fange opp behov for økonomisk rådgjeving og gi informasjon. Dette er formidla og blir formidla i kontormøte der alle tilsette i Nav deltek. Behovet kan bli avdekt og informasjon gitt i møte med brukaren, i telefonsamtale, ved behandling av søknadar, og førespurnadar frå samarbeidspartar og andre eksterne som namsmannen.

Dei fem tilsette som ikkje behandlar saker etter sosialtenestelova, skal i sin kontakt med brukaren fange opp om det er behov for økonomisk rådgjeving. Dei prøver gjennom samtale å avdekkje kva brukaren treng hjelp til. Økonomi blir ofte ein naturleg del av samtalen, til dømes når det kjem fram bekymringar knytt til ubetalte rekningar og reduksjon i inntekta ved overgangen frå sjukepengar til arbeidsavklaringspengar. Dei har ulike inngangar til samtalar om dette. Dei kan òg fange opp behovet når dei sit i publikumsmottaket.

Dersom ein tilsett som ikkje jobbar med sosiale tenester, fangar opp behov for økonomisk rådgjeving, får brukaren informasjon om tenesta og at kommunen har eigne rådgjevarar som kan hjelpe. Brukaren får informasjon om nettstaden til kommunen og Nav.no og kva ein finn der, og om bustøtte. Dei kan saman sjå på kva hjelp som er mogeleg å få. Ofte har dei tilsette kontakt med gjeldsrådgjevar før brukaren blir vist vidare. Brukaren får hjelp til å få kontakt med sosialtenesta. Dei



sender kontakt brukar-oppgåve (gosysmelding) eller ein e-post til ein saksbehandlar om å kontakte brukaren, eller dei tek ein telefon til gjeldsrådgjevaren. Dei kan også vere med brukaren i møte med gjeldsrådgjevaren. Dei dokumenterer arbeidet i Modia eller Arena ut frå kva opplysningar dei dokumenter.

Dei tilsette som jobbar med sosiale tenester, kan gjennom samtale med brukaren fange opp behov for økonomisk rådgjeving og følgje dette opp i sin kontakt med brukaren. Behovet kan òg gå fram av ein skriftleg søknad, eller kome fram ved samtalar i mottaket. Dei tilsette journalfører samtalane i Socio.

Vi fekk høyre at nokre brukarar kan ha nytte av Økonomi- og gjeldsrådgjevingstelefonen i Nav fordi dei på grunn av skam knytt til det å ha økonomiske problem, ikkje ønskjer personleg rådgjeving. Vi verken høyrde om eller såg i mappegjennomgangen andre døme på bruk av Økonomi- og gjeldsrådgjevingstelefonen.

Dei tilsette bruker fagmøte til å drøfte generelle problemstillingar, anonyme saksdrøftingar der økonomisk rådgjeving også er tema. Kor grensa mellom forvaltningslova § 11 og sosialtenestelova § 17 går, om det skal gjerast vedtak etter § 17 og nokre gonger kven som skal gjere vedtak, er jamleg diskusjonstema i møta. Relasjonen til brukaren er viktig for å få til endringsarbeid. Dei er vare på dilemmaet med å sikre rettstryggleiken til brukaren gjennom å gjere vedtak, opp mot faren for at brukaren vil takke nei til vidare oppfølging av økonomien dersom Nav gjev informasjon om tenesta økonomisk rettleiing eller informerer om denne tenesta for tidleg. Brukarar kan i staden bli følgde opp ved neste søknad om sosialhjelp. Vi høyrde også at dei spør brukarar om dei vil ha tenesta. Nokre takkar nei. Dei fleste vil klare seg sjølve. Samtidig kom det ved våre intervju fram ein refleksjon om at dei kanskje skulle gjort fleire vedtak om enklare økonomisk rettleiing. Fleire tilsette sa at dei ikkje gjer vedtak etter § 17, til dømes når dei gir rettleiing om budsjett. Det kom fram at fleire tilsette er i gang med å gjere vedtak om enklare økonomisk rettleiing. Vi høyrde i intervju, og såg i journalnotat, at brukarane får mykje rettleiing utan at det blir gjort vedtak etter § 17. Det kom fram i intervju og i mappene at økonomisk rettleiing òg vert gitt i vedtak om sosialhjelp etter § 18, med tilvising til § 17. Det kom fram i intervju at deltakarar i introduksjonsprogrammet, dei som har frivillig eller tvungen forvaltning og treng enklare økonomisk rettleiing, ikkje er i målgruppa for vedtak etter § 17. Dei viste til rettleiaren til § 17 om dette, og til den oppfølginga brukarane får av programrådgjevar med tanke på økonomien deira. Det kom også fram at kontoret har begynt å



gjere vedtak til brukarar som er ferdige med introduksjonsprogrammet, slik at dei blir i stand til å tilpasse seg den nye økonomiske situasjonen. Vi fekk høyre at dei som har tvungen forvaltning sjeldan vil ha hjelp med økonomien, og at deltakarane i introduksjonsprogrammet ikkje har opparbeidd seg gjeld. Det kom likevel fram i intervju at dei kan gjere vedtak om tenesta økonomisk rådgjeving til desse brukarane også. Saksbehandlarane har ofte fleire samtalar med brukaren før det vert gjort vedtak om økonomisk rådgjeving. Det er viktig for dei at brukaren er med i alle prosessane: avklaring av behov og hastegrad, kartleggje situasjonen, kontakt med kreditorane, og for at dei skal vere trygge på at brukaren faktisk ønskjer hjelp. Det kan til dømes vere aktuelt der ein brukar er vist vidare til sosialtenesta frå ei anna teneste. Dei set av god tid til samtalan, og gjer mykje i lag med brukaren. Dei bruker telefontolk ved behov.

I mappegjennomgangen såg vi dokumentasjon som viser at brukarar får samtalar og vedtak der dato for oppstart av tenesta går fram av vedtaket. Sjølv om hastegraden ikkje kom fram i grunngjevinga, såg vi ut frå saksopplysningane at oppstartstidspunktet var forsvarleg.

Vi har sett nokre få døme på at det har tatt tid frå vedtaket er gjort til tenesta er komen i gang, noko som kan ha ført til forverring av situasjonen til brukaren, mellom anna fordi Nav-kontoret ikkje har vore tett nok på brukaren i fasar der avtalen har vore at brukaren skulle ordne ting sjølv.

Kartlegginga skjer per telefon, i møte og nokre gonger heimebesøk. Dei opnar opp for at brukaren sjølv kan fortelje om situasjonen sin og kva brukaren ønskjer hjelp til. Nokre gonger haster det med å kome i gang med hjelpa, til dømes ved varsel om utkasting frå bustaden, eller der brukaren er familieforsørgjer. Saksbehandlarane set av to til to og ein halv time til første samtalen. Dei er opptekne av å tilpasse arbeidet etter brukarens behov, og det varierer kor lang tid det tek å få oversikt. Helseproblem og andre forhold rundt brukaren som kan påverke val av tiltak, er tema i samtalan. Saman med brukaren sjekkar dei tilsette inkassoregisteret, nettstaden til skatteetaten, gjeldsregisteret eller andre stader som gir informasjon om brukarens inntekter, utgifter og gjeld. Når gjeldsrådgjevarer har fått oversikt, får brukaren informasjon om kva som er mogeleg steg vidare, til dømes med tanke på nedbetalingsplan, refinansiering, betalingsutsetjing.

Informasjon om brukarens barn er ein viktig del av kartlegginga. Dei tilsette kartlegg om låg inntekt kan vere ein årsak til at barn ikkje går i barnehage, om det kan vere mogleg for familien å få redusert foreldrebetaling, om dei har betalt barnehagerekningane sine, og dei informerer om fritidskortet.



Ofte er det behov for å søke om økonomisk stønad parallelt med den økonomiske rådgjevinga, for å sikre at barna får det dei skal ha. Søknad og behov blir vidareformidla til dei som jobbar med økonomisk stønad.

VI har sett journalnotat som gjer det lett å følgje arbeidet med oppfølginga.

Kontoret tilbyr økonomisk rådgjeving for ulike typar av økonomiske problem med ulik alvorsgrad. Det er primært gjeldsrådgjevaren som yter hjelp til brukarane med dei mest alvorlege økonomiske problema. Gjeldsrådgjevaren gjer § 17-vedtak, og dokumenterer i journalnotat. I Socio går det også fram kva tiltak som blir sett i verk. Dei andre tilsette gjev også økonomisk rådgjeving, som ledd i oppfølginga av vedtak etter § 18 om økonomisk stønad, og utan at det er gjort vedtak etter § 17, eller det kan liggje eit § 17-vedtak i § 18-vedtaket.

Dei brukarane vi snakka med, melder litt ulikt om korleis kontakten med Nav-kontoret har vore eller er. Nokre er godt fornøgde, medan nokre opplever å ikkje ha fått god nok hjelp.

Kommunen opplyser i brev 05.07.2024 at dei gjev brukarane med avtale om frivillig forvaltning og tvungen forvaltning vedtak og råd og rettleiing i tråd med § 17. Det går fram av tilbakemeldinga at prosessen fram mot ein avtale om frivillig forvaltning, eller vedtak om tvungen forvaltning omfattar tenesta økonomisk råd og rettleiing, og at brukarane får tilbod om vedtak etter § 17. Kommunen skriv at sjølv om brukarar har frivillig eller tvungen forvaltning, fører ikkje det i seg sjølv til at det vert gjort vedtak om tenester etter § 17. Kommunen skriv også at dei etter tilsynet i mars har gått gjennom rutine som omhandlar brukarar i introduksjonsprogrammet. I tilbakemeldinga kjem det fram at alle nykomne flyktningar får tilbod om tenesta råd og rettleiing etter § 17, og kommunen understrekar at tenester etter § 17 ikkje vert utelukka som mogeleg tiltak, sjølv om desse brukarane har tett oppfølging av flyktingstenesta som omfattar hjelp med nettbank, budsjett og andre praktiske spørsmål knytt til det å bu i eit nytt land.

Kommunen skriv at dei etter tilsynet har ein tydelegare praksis for å informere om tenesta råd og rettleiing i samband med alle søknader om økonomisk sosialhjelp. Kommunen skriv at brukarane får tilpassa informasjon og tilbod om vedtak etter § 17 og informasjon om klagerett. Det kjem fram i tilbakemeldinga at sosialtenesta no gjer fleire vedtak etter § 17 i saker med behov for råd og rettleiing på nivå 0 og 1, og det vert dokumentert i journal om brukaren takkar nei til ei slik teneste.



Kommunen meiner på bakgrunn av dette at praksis no er i tråd med lovkrav på dette punktet og det går fram av dette vert følgt opp i vidare kvalitetsarbeid ved kontoret.

4. Vurdering av faktagrunnlaget opp mot aktuelt lovgrunnlag

I dette kapittelet vurderer vi fakta i kapittel 3 opp mot lovreglane i kapittel 2.

Tilgang til tenesta

Når det gjeld kravet om å gjere tenesta økonomisk rådgjeving tilgjengeleg for dei som kan ha behov for tenesta, har vi desse funna/merknadene:

Vi legg til grunn at Nav-kontoret har system for å identifisere og følgje opp behov for økonomisk rådgjeving. Det er ei klar forventning at alle tilsette skal kunne fange opp behov for økonomisk rådgjeving. Vi har høyrte og sett døme på korleis tilsette, både i og utanfor sosialtenesta, jobbar med å avdekke behov for økonomisk rådgjeving. Vi har ikkje merknader til det vi har høyrte om dette.

Ut frå det vi har fått opplyst i samband med tilsynet, legg vi til grunn at Nav-kontoret ikkje aviser personar med mogleg behov for økonomisk rådgjeving ved å vise til Økonomi- og gjeldsrådgjevingstelefonen i Nav eller andre aktørar.

Vi legg til grunn at alle brukarar får tilpassa informasjon ut frå sine føresetnader slik at hen vert i stand til å søke om tenesta.

Vi har også sett på om Nav-kontoret dokumenterer munnlege søknadar om økonomisk rådgjeving. Ut frå det vi har sett i journalnotat og ved mappegjennomgangen, legg vi til grunn at Nav-kontoret gjer dette.

Avgjerd og oppstart av tenesta

Når det gjeld kravet om å gjere skriftlege vedtak om tenesta og starte opp tenesta til rett tid, har vi desse funna/merknadene:

Vi har sett at brukaren er gitt høve til samtale om behovet sitt før vedtak blir gjort.



Vidare ser vi at Nav-kontoret set frist for oppstart av tenesta i vedtaket, ut i frå brukaranes behov og i kva grad saken hastar. Sjølv om grunnngjevinga for fastsetjing av den konkrete fristen ikkje kjem fram i vedtaket, ser vi ut frå opplysningane i vedtaket at oppstarten er forsvarleg. Vi har difor ikkje slått fast lovbrøt på dette punktet, men kommunen bør likevel sikre at vurderinga av hastegraden kjem tydeleg fram i grunnngjevinga.

Vidare har vi sett på om Nav gjer skriftlege vedtak om økonomisk rådgjeving. Vi fekk informasjon om at Nav-kontoret sjølv vurderte at dei burde gjere fleire § 17-vedtak ved enklare økonomisk rådgjeving. Vi legg til grunn at kommunen etter tilsynsbesøket har endra praksis, slik at det no vert gjort § 17-vedtak også ved enklare økonomisk rettleiing, og at dette også kan omfatte dei som er i introduksjonsprogrammet eller har frivillig eller tvungen forvaltning.

Etter tilbakemeldinga frå kommunen 05.07.2024, legg vi til grunn at kommunen no har ein praksis der dei informerer om tenesta i § 17 i samband med handsaming av alle søknader om økonomisk sosialhjelp, der det kjem fram behov for enklare økonomisk rådgjeving, også til brukarar som har avtale om frivillig forvaltning eller tvungen forvaltning, og deltakarar i introduksjonsprogrammet, og at brukarar som ønskjer tenesta får vedtak. Vi har lagt vekt på informasjon om at kommunen no gjer fleire vedtak etter § 17, og at det vert dokumentert i journal dersom brukaren takkar nei til tenesta. Vi legg til grunn at kommunen følgjer dette opp framover, som eit ledd i kvalitetsarbeidet ved kontoret.

Vi har også vurdert om teneste har kome i gang tidsnok etter kor mykje det hasta. Vi har sett at Nav-kontoret til vanleg startar tenesta økonomisk rådgjeving med ein gong, eller så raskt at brukaren får tenesta raskt nok uansett behov og hastegrad. Vi har sett nokre få saker der det har gått lang tid før oppstart at det kan ha ført til forverring av brukarens situasjon, utan at vi kan sjå vurderingar som kan forklare dette. Vi har kome til at det samla sett ikkje er grunnlag for å slå fast lovbrøt på dette punktet, men vi vil understreke at kommunen må sikre at brukarane blir følgde tett nok opp i periodar der det er avtalt at dei skal ordne opp i noko sjølv.

Oppfølging av brukarar som mottek tenesta økonomisk rådgjeving

Når det gjeld kravet om at Nav-kontoret skal sørge for forsvarleg oppfølging av brukarar som mottek tenesta økonomisk rådgjeving, har vi desse funna/merknadene:



Vi legg til grunn at Nav-kontoret gjev brukaren tilbod om samtalar, kartlegg brukarens økonomiske forhold, kartlegg særlege utgifter til barn når brukaren har forsørgjaransvar, og kartlegg om andre forhold i brukarens livssituasjon kan påverke val av tiltak i den økonomiske rådgjevinga. Vidare at kartlegginga skjer i samarbeid med brukaren, og at Nav-kontoret utformar tiltaka i samarbeid med brukaren.

Vidare legg vi til grunn at Nav-kontoret tilbyr økonomisk rådgjeving for ulike typar økonomiske problem med ulik alvorsgrad. Vi har i mappegjennomgangen sett at det vert ytt teneste på ulike nivå.

Vi har også sett at rettleingsarbeidet blir dokumentert.

5. Statsforvaltarens konklusjon

Her presenter vi konklusjonen av undersøkinga vår, basert på vurderingane i kapittel 4.

Vi har ved dette tilsynet ikkje avdekt lovbrøt.



Vedlegg: Gjennomføring av tilsynet

I dette vedlegget omtaler vi korleis tilsynet vart gjennomført, og kven som deltok.

Varsel om tilsynet vart sendt 12. februar 2024.

Før tilsynet, hadde vi telefonsamtale med fem personar i målgruppa for tilsynet, om deira erfaring med Nav Kvams arbeid.

Vi fekk ein del dokument tilsendt på førehand, og hadde gjennomgått desse før tilsynet. Andre dokument vart lagt fram for oss dei to tilsynsdagane. Vi gjekk gjennom dokumentasjon knytt til søknader, vedtak og oppfølging i 18 klientsaker.

Tabellen under viser kven som vart intervjuet, og kven som deltok på sluttmøtet ved tilsynsbesøket:

Namn	Funksjon/stilling	Intervju	Oppsummerande møte
Kirsti Sandven	Fagleiar sosialtenesta	x	x
Geir Morten Utskot	Nav stat, oppfølging AAP og uføretrygd	x	x
Eirin A Botnen	Nav stat, oppfølging AAP og uføretrygd	x	x
Marte Alvsåker Tolo	Sakshandsamar sosialtenesta	x	x
Hilde Engjom	Sakshandsamar sosialtenesta	x	
Gry M Kyrkjeeide	Konsulent sosialteneste	x	x
Ingrid Børsheim	Gjeldsrådgjevar, sosialtenesta	x	x
Sigrid Karin Dolve	Nav-leiar	x	x
Terje Langeland	Helse- og omsorgssjef		
Elin Tønning	Fagleiar flyktningsstenesta		x
Britt Vik Sandven	Sakshandsamar sosialtenesta		x
Torbjørn Storaas	Bustadkoordinator		x



Desse deltok frå Statsforvaltaren:

- seniorrådgjevar Kjerstin Holm Carlsen, revisor
- seniorrådgjevar Linda Kråkenes, revisjonsleiar
- seniorrådgjevar Malin Roseanne Espejo, observatør

KVAM HERAD ANLEGGSTENESTA DRIFT/
VEDLIKEHALD ETC
Grovagjelet 16
5600 NORHEIMSUND

Dykkar ref:
Vår ref: 2024/270439
Dato: 18.11.2024
Org.nr: 985399077

Inspeksjonsrapport med varsel om at vi vurderer å fatte to vedtak

Vi viser til inspeksjonen hjå KVAM HERAD ANLEGGSTENESTA DRIFT/VEDLIKEHALD ETC den 7. november 2024.

Seniorinspektør Ole Christian Bjørge og seniorinspektør Victor Martin Horvath gjennomførte inspeksjonen. Konstituert leiar kommunalteknikk Øystein Ølmheim, konstituert teknisk sjef Nils Eivind Stranden, VA-ingeniør Jarle Ystebø og prosjektleiar VA Erling Eid var til stades.

Inspeksjonen omfatta

- Kvam vassverk Strandebarm

Oppsummering

Mattilsynet gjennomførte tilsynet for å kontrollera om vassforsyninga oppfyller krav til leveringssikkerheit og beredskap.

Strandebarm vassverk forsyner ca. 400 husstandar og 800 personar. Råvassinntaket er i Engjadalsvatnet. Det er ikkje etablert reservekjelde.

Ved eventuell svikt i den ordinære vassforsyninga vil de kunne oppretthalda forsyning frå bassengreserver i ein kort periode. Etter dette vil de måtte etablere alternativ vassforsyning basert på distribusjon av nødvatn og eventuelt krisevassforsyning.

De har påbegynt ei farekartlegging som skal undersøke sårbarheit knytt til vassforsyninga si leveringssikkerheit. Dette som grunnlag for å kunne fastsetja eventuelle tiltak.

De opplyser at hovudplan for vatn skal reviderast i 2025. Mattilsynet vurderer at det er viktig at de ferdigstiller farekartlegginga, slik at undersøkingane kan leggjast til grunn i arbeidet med å revidera hovudplanen. Vi varslar difor at vi vurderer å gi dykk pålegg om å ferdigstillare farekartlegginga iløpet av første halvår 2025.

De har utarbeida ein beredskapsplan for vassforsyninga som omfattar forhold knytt til leveringssikkerheit og beredskap. De har vidare utarbeida ein plan for beredskapsøving. Planen har ikkje blitt oppdatert etter 2023. Mattilsynet vurderer at det er viktig at de

regelmessig gjennomfører øving av beredskapsplanen, og varslar difor at vi vurderer å gi dykk pålegg om å oppdatera øvingsplanen. Vi vil særleg peika på behovet for å øva på forhold knytt til leveringssikkerheit og alternativ vassforsyning ved eventuelt bortfall av den ordinære vassforsyninga.

Oversikt over Mattilsynet sine kontrollpunkt med reaksjonar

Vannforsyningssystem

• Drikkevann - Beredskapsplaner	Varsel om vedtak
• Drikkevann - farekartlegging, gjennomføring (DVF § 6 1. ledd)	Varsel om vedtak
• Drikkevann - Leveringssikkerhet	Inga oppfølging
• Drikkevann - Internkontroll	Inga oppfølging
• Nødvann	Inga oppfølging

Vi viser også til tilsynskvittering/skjema datert 08.11.2024. Der står observasjonane vi gjorde under inspeksjonen.

De har rett til å uttale dykk til varsel innan uttalefristen

De kan uttale dykk om dei vedtaka vi har varsla, inkludert gjennomføringsfrist. Uttalefristen er **2. desember 2024**. Nærare informasjon om uttalelsesretten står i vedlagde skjema for uttale. Vi vil vurdere eventuelle uttaler før vi avgjer om vi skal fatte vedtak som er varsla.

Vår rett til å føre tilsyn og fatte nødvendige vedtak

Mattilsynet sin rett til å føre tilsyn og fatte nødvendige vedtak følgjer av matloven § 23.

Sjå òg vedlegg om rettar og regelverk.

Varsel om vedtak

Vi vurderer å fatte vedtak om å oppdatera plan for beredskapøving

Dersom vi fattar vedtaket, medfører det at de må oppdatera plan for beredskapsøving for å sikra regelmessig øving av beredskapsplanen. Planlagt beredskapsøving må omfatta forhold knytt til leveringssikkerheit og alternativ vassforsyning.

Vi vurderer å setja fristen for gjennomføring av vedtaket til

31. desember 2024

Vi har observert:

De har utarbeida ein beredskapsplan som skal sikra at de kan handtera hendingar som involverer bortfall av ordinær vassforsyning, og behov for å etablera alternativ vassforsyning. De har ein plan for beredskapsøving, men planen har ikkje blitt oppdatert etter 2023.

Krava som gjeld for beredskapsøving:

Drikkevassforskrifta stiller krav om at det blir gjennomført nødvendige beredskapsførebuingar og utarbeida beredskapsplanar. Vassverkseigar skal utarbeida ein plan for beredskapsøving, og sikra at planen er oppdatert og blir følgt.

Mattilsynet vurderer dette slik:

Planen dykkar for beredskapsøving er ikkje oppdatert etter 2023. Drikkevassforskrifta krev at planen skal vera oppdatert. Dette er viktig for å halda fokus på beredskapsarbeidet og sikra regelmessig øving av gjeldande beredskapsrutinar. Mattilsynet vurderer difor å gi dykk pålegg om å oppdatera planen for beredskapsøving. Vi vil i samband med dette tilsynet særleg presisera behovet for å øva på beredskap knytt til leveringssikkerheit og alternativ vassforsyning. Vi forventar at desse forholda blir inkludert i den oppdaterte øvingsplanen.

Heimel for dette varselet:

Vi varslar dette vedtaket fordi vi meiner at vi har funne brot på drikkevannsforskriften § 11 Beredskap jf. § 9 Leveringssikkerheit

Vi vurderer å fatte vedtak om å ferdigstilla farekartlegging knytt til leveringssikkerheit

Dersom vi fattar vedtaket, medfører det at de må ferdigstilla påbegynt farekartlegging som skal undersøke sårbarheit knytt til vassforsyninga si leveringssikkerheit.

Vi vurderer å setja fristen for gjennomføring av vedtaket til

1. juli 2025

Vi har observert:

Strandebarm vassverk forsyner ca. 400 husstandar og 800 personar, inkludert sårbare abonnentar som helseinstitusjon, skule / barnehage. Råvasskjelda er eit overflatemagasin (Engjadalsvatnet). Vassbehandling består av siling, membranfiltrering, klorering og UV-bestråling. Det er ikkje etablert reservekjelde.

Jf. innrapporterte vassverksdata for 2023 kan alternativ vassforsyning oppretthalda 10 % forsyning i 10 dagar, og er avhengig av nødvatn.

Ved bortfall av den ordinære vassforsyninga vil de i ein periode kunne oppretthalda normal forsyning basert på bassengreserver. De har også etablert rutinar for nødvassforsyning. Ved lengre bortfall av den ordinære vassforsyninga vil de kunne vera avhengige av krisevassforsyning.

De har påbegynt ei farekartlegging som skal undersøke sårbarheit knytt til vassforsyninga si leveringssikkerheit. Farekartlegginga skal konkludera med om det er behov for tiltak, basert på den aktuelle forsyningssituasjonen.

De opplyser at hovudplan for vatn skal reviderast i 2025. Konklusjonane frå farekartlegginga skal leggjast til grunn i arbeidet med å revidera hovudplanen.

Krava som gjeld for farekartlegging og leveringssikkerheit

Vassverkseigar skal gjennom ei farekartlegging identifisera farane som må førebyggjast, fjernast eller reduserast til eit akseptabelt nivå for å sikra levering av tilstrekkelige mengder helsemessig trygt drikkevatt til ei kvar tid (leveringssikkerheit). Vassverkseigar skal sørga for at nødvendige tiltak blir identifisert og gjennomført.

Mattilsynet vurderer dette slik:

Arbeidet med å revidera hovudplanen for vatn vil gi tydelege føringar for kva tiltak kommunen skal prioritera i den neste 8-års perioden. Mattilsynet vurderer difor at de må ferdigstilla

farekartlegginga og identifisera eventuelt behov for tiltak knytt til leveringssikkerheit, slik at dette kan implementerast i den reviderte hovudplanen. Dette er viktig for å sikra framdrift og for at nødvendige tiltak skal få prioritet. Vi varslar difor pålegg om at de må ferdigstilla farekartleggina knytt til vassforsyninga si leveringssikkerheit iløpet av første halvår 2025. Konklusjonane frå desse undersøkingane vil då kunne leggjast til grunn i det vidare arbeidet med å revidera hovudplanen.

Heimel for dette varselet:

Vi varslar dette vedtaket fordi vi meiner at vi har funne brot på drikkevannsforskriften § 6 Farekartlegging og farehåndtering jf. § 9 Leveringssikkerheit

Med helsing

Randi Øyen Afdal
seksjonssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Vedlegg:
Rettar og regelverk
Uttale til varsel om vedtak

Rettar og regelverk

I tillegg til rettar som er nemnde i rapporten (eller i andre vedlegg), har de òg andre partsrettar etter forvaltningsloven. Vi informerer også om regelverket vi har brukt som grunnlag for tilsynet og om innsending av elektronisk post.

Rett til å få rettleiing om regelverket og sakshandsaminga

De kan krevje å få vite kva regelverk som gjeld for dykk og dykkar verksemd, kor de finn regelverket og korleis ein skal forstå dette regelverket. De har òg rett til å få vite korleis dykkar sak blir behandla, og kva rettar de har i den samanheng. Rettleiingsplikta vår er bestemt i forvaltningsloven § 11.

Rett til å sjå saksdokumenta

Retten til partsinnsyn er bestemt i forvaltningsloven §§ 18 - 21.

Vi har vurdert aktiviteten etter dette regelverket

- FOR 2016-12-22 nr 1868: Forskrift 22. des. 2016 nr. 1868 om vannforsyning og drikkevann (drikkevannsforskriften)

Elektronisk post til Mattilsynet

Send elektronisk post til postmottak@mattilsynet.no. Dersom dokumenta inneheld sensitive opplysningar eller er omfatta av teieplikt, tilrår vi bruk av eDialog. Informasjon om dette finn du på [Mattilsynet.no](https://mattilsynet.no) under "Kontakt oss".

Mattilsynet Avdeling Bergen og omland
v/ Ole Christian Bjørge
Felles postmottak, Postboks 383
2381 Brumunddal

Dykkar ref:
Vår ref:
Dato:
Org.nr:

UTTALE TIL VARSEL OM VEDTAK - KVAM HERAD ANLEGGSTENESTA DRIFT/VEDLIKEHALD ETC

Vi viser til varsel om vedtak frå Mattilsynet, Avdeling Bergen og omland gjeve i rapport datert 18. november 2024 med saksnummer 2024/270439.

De har rett til å uttala dykk dersom de meiner at noko i varselet om vedtak er feil, unødvendig, urimeleg eller umogleg å gjennomføre. De kan også uttala dykk om fristen for å etterkomma vedtak. Dette står i forvaltningsloven § 16.

I skjemaet kan de til dømes gi opplysningar som er viktige for saka eller skildre tiltak som er utført. De kan legge ved dokument som er aktuelle for saka.

For elektronisk post, bruk postmottak@mattilsynet.no eller eDialog.

Varsel om vedtak	Frist	Uttale
Dersom vi fattar vedtaket, medfører det at de må oppdatera plan for beredskapsøving for å sikra regelmessig øving av beredskapsplanen. Planlagt beredskapsøving må omfatta forhold knytt til leveringssikkerheit og alternativ vassforsyning.	31. desember 2024	
Dersom vi fattar vedtaket, medfører det at de må ferdigstilla påbegynt farekartlegging som skal undersøke sårbarheit knytt til vassforsyninga si leveringssikkerheit.	1. juli 2025	

De må senda uttalen til oss innan 2. desember 2024.

Stad:

Dato:

.....
Underskrift

KVAM HERAD ANLEGGSTENESTA DRIFT/
VEDLIKEHALD ETC
Grovgjelet 16
5600 NORHEIMSUND

Dykkar ref:
Vår ref: 2024/270437
Dato: 13.11.2024
Org.nr: 985399077

Inspeksjonsrapport med varsel om at vi vurderer å fatte to vedtak

Vi viser til inspeksjonen hjå KVAM HERAD ANLEGGSTENESTA DRIFT/VEDLIKEHALD ETC den 7. november 2024.

Seniorinspektør Victor Martin Horvath og seniorinspektør Ole Christian Bjørge gjennomførte inspeksjonen. Konstituert leiar kommunalteknikk Øystein Ølmheim, konstituert teknisk sjef Nils Eivind Stranden, prosjektleiar VA Erling Eid og VA-ingeniør Jarle Ystebø var til stades.

Inspeksjonen omfatta

- Kvam vassverk Norheimsund-Øystese

Oppsummering

Mattilsynet gjennomførte tilsynet for å kontrollera om vassforsyninga oppfyller krav til leveringssikkerheit og beredskap.

Kvam vassverk forsyner ca. 2100 husstandar og 5200 personar. Råvassinntaket er i Fosselva. Det er ikkje etablert reservekjelde.

Ved eventuell svikt i den ordinære vassforsyninga vil de kunne oppretthalda forsyning frå bassengreserver i ein kort periode. Etter dette vil de måtte etablere alternativ vassforsyning basert på distribusjon av nødvatn og eventuelt krisevassforsyning.

De har gjennomført ei farekartlegging som konkluderer med at leveringssikkerheit er eit sårbart punkt, og de ynskjer difor å etablere ei reservekjelde. De har kartlagt to moglege reservekjelder, og begge har tilstrekkeleg kapasitet og kvalitet. De vurderer også andre løysingar og tiltak, som må kartleggast nærare.

De opplyser at hovudplan for vatn skal reviderast i 2025. Då leveringssikkerheit er identifisert som eit sårbart punkt, vurderer Mattilsynet at det er viktig at de bestemmer dykk for val av løysing, slik at dette kan implementerast i hovudplanen for neste periode. Vi varslar difor at vi vurderer å gi dykk pålegg om å gjennomføre nødvendig kartlegging og fastsetja tiltak innan utgangen av 2025.

De har utarbeida ein beredskapsplan for vassforsyninga som omfattar forhold knytt til leveringssikkerheit og beredskap. De har vidare utarbeida ein plan for beredskapsøving. Planen har ikkje blitt oppdatert etter 2023. Mattilsynet vurderer at det er viktig at de regelmessig gjennomfører øving av beredskapsplanen, og varslar difor at vi vurderer å gi dykk pålegg om å oppdatere øvingsplanen. Vi vil særleg peika på behovet for å øva på forhold knytt til leveringssikkerheit og alternativ vassforsyning ved eventuelt bortfall av den ordinære vassforsyninga.

Oversikt over Mattilsynet sine kontrollpunkt med reaksjonar

Vannforsyningssystem

• Drikkevann - Beredskapsplaner	Varsel om vedtak
• Drikkevann - Leveringssikkerhet	Varsel om vedtak
• Drikkevann - Internkontroll	Inga oppfølging
• Nødvann	Inga oppfølging
• Drikkevann - farekartlegging, gjennomføring (DVF § 6 1. ledd)	Inga oppfølging

Vi viser også til tilsynskvittering/skjema datert 08.11.2024. Der står observasjonane vi gjorde under inspeksjonen.

De har rett til å uttale dykk til varsel innan uttalefristen

De kan uttale dykk om dei vedtaka vi har varsla, inkludert gjennomføringsfrist. Uttalefristen er **2. desember 2024**. Nærare informasjon om uttalelsesretten står i vedlagde skjema for uttale. Vi vil vurdere eventuelle uttaler før vi avgjer om vi skal fatte vedtak som er varsla.

Vår rett til å føre tilsyn og fatte nødvendige vedtak

Mattilsynet sin rett til å føre tilsyn og fatte nødvendige vedtak følgjer av matloven § 23.

Sjå òg vedlegg om rettar og regelverk.

Varsel om vedtak

Vi vurderer å fatte vedtak om å oppdatere plan for beredskapøving

Dersom vi fattar vedtaket, medfører det at de må oppdatere plan for beredskapsøving for å sikra regelmessig øving av beredskapsplanen. Planlagt beredskapsøving må omfatta forhold knytt til leveringssikkerheit og alternativ vassforsyning.

Vi vurderer å setja fristen for gjennomføring av vedtaket til

31. desember 2024

Vi har observert:

De har utarbeida ein beredskapsplan som skal sikra at de kan handtera hendingar som involverer bortfall av ordinær vassforsyning, og behov for å etablera alternativ vassforsyning. De har ein plan for beredskapsøving, men planen har ikkje blitt oppdatert etter 2023.

Krava som gjeld for beredskapsøving:

Drikkevassforskrifta stiller krav om at det blir gjennomført nødvendige beredskapsførebuingar og utarbeida beredskapsplanar. Vassverkseigar skal utarbeida ein plan for beredskapsøving, og sikra at planen er oppdatert og blir følgt.

Mattilsynet vurderer dette slik:

Planen dykkar for beredskapsøving er ikkje oppdatert etter 2023. Drikkevassforskrifta krev at planen skal vera oppdatert. Dette er viktig for å halda fokus på beredskapsarbeidet og sikra regelmessig øving av gjeldande beredskapsrutinar. Mattilsynet vurderer difor å gi dykk pålegg om å oppdatera planen for beredskapsøving.

Vi vil i samband med dette tilsynet særleg presisera behovet for å øva på beredskap knytt til leveringssikkerheit og alternativ vassforsyning. Vi forventar at desse forholda blir inkludert i den oppdaterte øvingsplanen.

Heimel for dette varselet:

Vi varslar dette vedtaket fordi vi meiner at vi har funne brot på drikkevannsforskriften § 11 Beredskap § 9 Leveringssikkerheit

Vi vurderer å fatte vedtak om å fastsetja tiltak for å gi betre leveringssikkerheit

Dersom vi fattar vedtaket, medfører det at de må fastsetja tiltak for å redusera identifisert sårbarheit knytt til vassforsyninga si leveringssikkerheit.

Vi vurderer å setja fristen for gjennomføring av vedtaket til

31. desember 2025

Vi har observert:

Kvam vassverk forsyner ca. 2100 husstandar og 5200 personar, inkludert sårbare abonnentar som helseinstitusjon, skule / barnehage. Råvasskjelda er eit overflatemagasin (Myklavatn / Kalderassen) med inntak i nedstraums elveløp (Fosselva). Vassbehandling består av filtrering, pH-justering, UV-bestråling og klorering (reserve). Det er ikkje etablert reservekjelde.

Jf. innrapporterte vassverksdata for 2023 kan alternativ vassforsyning oppretthalda 10 % forsyning i 10 dagar, og er avhengig av nødvatn.

Ved bortfall av den ordinære vassforsyninga vil de i ein periode kunne oppretthalda normal forsyning basert på bassengreserver. De har også etablert rutinar for nødvassforsyning. Ved lengre bortfall av den ordinære vassforsyninga vil de kunne vera avhengige av krisevassforsyning.

De har gjennomført ei farekartlegging som konkluderer med at leveringssikkerheit er eit sårbart punkt, og de ynskjer difor å etablere ei reservekjelde.

De har kartlagt to moglege reservekjelder; ein grunnvassførekomst i Fitjadalen og inntak i Fitjadalvatnet. De har konkludert med at begge kjeldene har tilstrekkeleg kapasitet og kvalitet, og de har berekna kostnad for framføring til dagens vassbehandlingsanlegg på Skålheim.

De vurderer også andre tiltak. Mellom anna vurderer de å byggja eit nytt vassbehandlingsanlegg, og la dagens anlegg stå i reserve.

De har enno ikkje teke stilling til val av løysing.

De opplyser at hovudplan for vatn skal reviderast i 2025, og at val av løysing skal avklarast i denne prosessen og implementerast i den reviderte hovudplanen.

Krava som gjeld for leveringssikkerheit

Vassverkseigar skal sikre at vassforsyningssystemet er utstyrt og dimensjonert for å kunne levera tilstrekkelege mengder drikkevatt til ei kvar tid. Det er vassverkseigar sitt ansvar å vurdere kva tiltak som er nødvendig for å sikra etterleving av dette kravet. Vurderingane skal vera basert på ei farekartlegging.

Mattilsynet vurderer dette slik:

De har identifisert sårbarheit knytt til vassforsyninga si leveringssikkerheit, og på bakgrunn av dette konkludert med at det er ynskjeleg å etablera ei reservekjelde. Arbeidet med å revidera hovudplanen vil gi tydelege føringar for kva tiltak kommunen skal prioritera i den neste 8-års perioden. Mattilsynet vurderer difor at de må bestemma dykk for tiltak som skal redusera identifisert sårbarheit i vassforsyninga, slik at dette kan implementerast i den reviderte hovudplanen. Dette er viktig for å sikra framdrift i arbeidet med å betra leveringssikkerheita, og for at nødvendige tiltak skal få prioritet. Vi varslar difor pålegg om at de må gjennomføra nødvendig kartlegging og fastsetja tiltak innan utgangen av 2025.

Heimel for dette varselet:

Vi varslar dette vedtaket fordi vi meiner at vi har funne brot på drikkevannsforskriften § 9 Leveringssikkerhet

Med helsing

Randi Øyen Afdal
seksjonssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Vedlegg:
Rettar og regelverk
Uttale til varsel om vedtak

Rettar og regelverk

I tillegg til rettar som er nemnde i rapporten (eller i andre vedlegg), har de òg andre partsrettar etter forvaltningsloven. Vi informerer også om regelverket vi har brukt som grunnlag for tilsynet og om innsending av elektronisk post.

Rett til å få rettleiing om regelverket og sakshandsaminga

De kan krevje å få vite kva regelverk som gjeld for dykk og dykkar verksemd, kor de finn regelverket og korleis ein skal forstå dette regelverket. De har òg rett til å få vite korleis dykkar sak blir behandla, og kva rettar de har i den samanheng. Rettleiingsplikta vår er bestemt i forvaltningsloven § 11.

Rett til å sjå saksdokumenta

Retten til partsinnsyn er bestemt i forvaltningsloven §§ 18 - 21.

Vi har vurdert aktiviteten etter dette regelverket

- FOR 2016-12-22 nr 1868: Forskrift 22. des. 2016 nr. 1868 om vannforsyning og drikkevann (drikkevannsforskriften)

Elektronisk post til Mattilsynet

Send elektronisk post til postmottak@mattilsynet.no. Dersom dokumenta inneheld sensitive opplysningar eller er omfatta av teieplikt, tilrår vi bruk av eDialog. Informasjon om dette finn du på [Mattilsynet.no](https://mattilsynet.no) under "Kontakt oss".

Mattilsynet Avdeling Bergen og omland
v/ Ole Christian Bjørge
Felles postmottak, Postboks 383
2381 Brumunddal

Dykkar ref:
Vår ref:
Dato:
Org.nr:

UTTALE TIL VARSEL OM VEDTAK - KVAM HERAD ANLEGGSTENESTA DRIFT/VEDLIKEHALD ETC

Vi viser til varsel om vedtak frå Mattilsynet, Avdeling Bergen og omland gjeve i rapport datert 13. november 2024 med saksnummer 2024/270437.

De har rett til å uttala dykk dersom de meiner at noko i varselet om vedtak er feil, unødvendig, urimeleg eller umogleg å gjennomføre. De kan også uttala dykk om fristen for å etterkomma vedtak. Dette står i forvaltningsloven § 16.

I skjemaet kan de til dømes gi opplysningar som er viktige for saka eller skildre tiltak som er utført. De kan legge ved dokument som er aktuelle for saka.

For elektronisk post, bruk postmottak@mattilsynet.no eller eDialog.

Varsel om vedtak	Frist	Uttale
Dersom vi fattar vedtaket, medfører det at de må oppdatera plan for beredskapsøving for å sikra regelmessig øving av beredskapsplanen. Planlagt beredskapsøving må omfatta forhold knytt til leveringssikkerheit og alternativ vassforsyning.	31. desember 2024	
Dersom vi fattar vedtaket, medfører det at de må fastsetja tiltak for å redusera identifisert sårbarheit knytt til vassforsyninga si leveringssikkerheit.	31. desember 2025	

De må senda uttalen til oss innan 2. desember 2024.

Stad:

Dato:

.....
Underskrift

Fra: Forum for kontroll og tilsyn[fkt@fkt.no]
Sendt: 11.10.2024 11:24:28
Til: Stian Skår Ludvigsen[Stian.Skar.Ludvigsen@vlfk.no]
Tittel: Nytt fra FKT oktober 2024



Forum for
kontroll og tilsyn



«Kontrollutvalgets møter og det som skjer mellom møter»

Vi minner om webinar for kontrollutvalg 1. november.

Gratis for medlemmer!

Påmelding

Pressens offentlighetsutvalg har undersøkt bruken av politikerportaler i norske kommuner

Hva skjer med den grunnlovsfestede åpenheten når lokalpolitikken flytter inn i digitale løsninger? Det har Pressens offentlighetsutvalg undersøkt og beskrevet i rapporten «Digitale møteportaler i norske kommuner»

Rapporten



KS vil møte myter med fakta. Det finnes mange myter om kommunesektoren. Felles for dem er at de ikke gir et riktig bilde av virkeligheten. For KS er det viktig å spre kunnskap om kommuner og fylkeskommuner basert på fakta og de nyanser som kreves for å beskrive en så variert og sammensatt sektor.

Vi har samlet noen av de vanligste mytene om kommunesektoren og forteller hva som egentlig er fakta.

Myter og fakta om kommunesektoren

Les mer



Beskyttelse mot skadelige nettider for grunnskolen

Regjeringen og KS ber kommuner sørge for beskyttelse mot skadelige nettider for grunnskolen. Hensikten er å forhindre kontakt mellom barn og potensielle overgripere

Undersøkelsen



Oppdatert veileder om varslingsreglene

KS har utarbeidet en ny veileder om varslingsreglene i arbeidsmiljøloven.



Personvernundersøkelsen 2024

Den norske befolkningen kan mer om personvern enn tidligere. Samtidig opplever mange at sporingen på nettet er uoversiktlig, og at det er ubehagelig med alle opplysningene om dem som ligger der ute. Dette kommer frem i en landsdekkende undersøkelse om befolkningens forhold til personvern som Datatilsynet har gjennomført.

Hold deg faglig oppdatert med FKT



Kommende arrangementer



Copyright © 2024 Forum for kontroll og tilsyn, All rights reserved.

Du mottar e-post fra Forum for kontroll og tilsyn fordi du har meldt deg på vårt nyhetsbrev.

Vår adresse:

Forum for kontroll og tilsyn
Kristian Augusts Gate 14
Oslo, Oslo 0164
Norway

[Add us to your address book](#)

Vil du endre hvordan du mottar nyhetsbrev fra oss?

Du kan [oppdatere dine innstillinger](#) eller [melde deg av vårt nyhetsbrev](#)



Fra: Hogne Haktorson[Hogne.Haktorson@vlfk.no]

Sendt: 11.11.2024 15:57:22

Til: Kjartan Haugsnes; Helge Inge Johansen; Einar Kåre Ulla; Stian Skår

Ludvigsen[Kjartan.Haugsnæs@vlfk.no; Helge.Inge.Johansen@vlfk.no;

Einar.Kare.Ulla@vlfk.no; Stian.Skar.Ludvigsen@vlfk.no]

Tittel: Ny anbefalingen for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene - orienteringer fra kommunedirektøren

Til orientering.

Til vurdering som referatsak.

Med helsing

Hogne Haktorson

kontrollsjef

sekretariat for kontrollutvalet



Vestland
fylkeskommune

tlf: 91 10 59 82

www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

Fra: Anne-Karin Femanger Pettersen <anne-karin@fkt.no>

Sendt: fredag 8. november 2024 13:07

Til: Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>

Emne: Ny anbefalingen for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene - orienteringer fra kommunedirektøren

Til FKT sine medlemmer v/daglig leder sekretariat og kontrollutvalgsleder

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) og NKRF – kontroll og revisjon i kommunene (NKRF) har samarbeidet om å utarbeide anbefalingen, som har vært på [ekstern høring](#).

Det er nedsatt en felles styringsgruppe for dette arbeidet, og det er ulike arbeidsgrupper – sammensatt av medlemmer fra begge organisasjonene, som utarbeider forslagene til anbefalinger.

Følgende anbefaling er nå fastsatt av styrene i FKT og NKRF:

- [Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene – orienteringer fra kommunedirektøren](#)

Formålet med anbefalingene er å gi relevant veiledning til kontrollutvalgssekretariatene om hvordan kontrollutvalget kan bestille og behandle orienteringer fra kommunedirektøren som ledd i kontrollarbeidet. Anbefalingene skal bidra til god praksis i kontrollutvalgssekretariatene utover lovkrav og lokale regler/bestemmelser.

Samarbeidet om utarbeidelse av anbefalinger fortsetter videre, og det igangsettes nå et arbeid med å utarbeide anbefalinger for tilrettelegging og gjennomføring av virksomhetsbesøk for kontrollutvalget.

Med vennlig hilsen

Anne-Karin Femanger Pettersen
Generalsekretær

Forum for kontroll og tilsyn / Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo /
fkt@fkt.no / +47 414 71 166 / www.fkt.no

Hold deg oppdatert med vårt nyhetsbrev

NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2025

Vi har gleden av å invitere til NKRFs 21. Kontrollutvalgskonferanse 29. - 30. januar 2025 og som vanlig i The Qube på Gardermoen.

Fra den første konferansen i 2005 med ca. 300 deltakere har dette årlige arrangementet vokst betydelig og etablert seg som det viktigste og største treffpunktet for kontrollutvalgene i kommunal sektor. Deltakerrekorden er fra 2020 med ca. 800 deltakere.

Målgruppe

Ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, revisorer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontroll, revisjon og tilsyn i kommunal sektor.

Sist oppdatert: 20.11.2024

Nøkkelinfo

Fra/til	29.1–30.1
Påmeldingsfrist	17.12
Pris	Kr 8 700 eks. mva. med overnatting (inkl. frokost og middag) (ikke-medl.: kr 9 200 eks. mva.) Kr 6 840 eks. mva. uten overnatting og middag (ikke-medl.: kr 7 340 eks. mva.) Kr 1 208 eks. mva. for overnatting (inkl. middagsbuffet 28.1.2025 og frokost 29.1.2025) fra 28. til 29. januar 2025 Deltakere fra kommuner/fylkeskommuner hvor sekretariatstjenesten for kontrollutvalget ivaretas av virksomheter som er bedriftsmedlem i NKRF, oppnår medlemspris.
Sted	Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen
Varighet	29.1.: 10.00 - 17.00 30.1.: 09.00 - 13.00
Etterutdanning	11 timer iht. NKRFs krav til etterutdanning

Hovedprogram | Onsdag 29. januar 2025

09.00

Registrering og enkel servering

10.00

Velkommen

Konferansier Håkon Haugsbø og daglig leder Rune Togle, NKRF

10.10

Åpning

TBA

10.30

Pause og utstilling

10.50

Välfärdsbrottslighet, otillåten påverkan, kriminell ekonomi och kriminella nätverk

Christina Kiernan, Sveriges Kommuner och Regioner (SKR)
Lars Mamen, daglig leder i Fair Play Bygg Oslo og omegn

12.05

Pause og utstilling

12.25

Velferdssamfunnet mot vippepunktet?

Ulf Andersen, statistikkseksjon i NAV

13.00

Lunsj og utstilling

14.00

Fra vugge til grav – kommunale tjenester for framtida

Hilde Singsaas, direktør i Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ)

Frank Jenssen, statsforvalter i Trøndelag

Håvard Moe, seniorrådgiver i KS Konsulent

15.00

Pause og utstilling

15.20

Tillit er den nye oljen

Alexander W. Cappelen, professor ved Norges Handelshøyskole (NHH)

16.00

Pause og utstilling

16.20 - 17.00

Den etiske kommunen – finnes den?

Dagfinn Høybråten, leder av Kommunesektorens etikkutvalg

Minikurs | Onsdag 29. januar 2025

Valgfritt tilbud parallelt med hovedprogrammet

(OBS krever særskilt påmelding - begrenset antall plasser)

10.50 - 12.05

A. Gode bestillinger av forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller

Ellen Halsbog Lange, seniorrådgiver i NKRF

Ragnhild Aashaug, seniorrådgiver i Konsek Trøndelag IKS og nestleder i NKRF

Middagsarrangement i The Qube | Onsdag 29. januar 2025

19.30

Aperitif og middag med underholdning.

Middagsarrangementet foregår i [The Qube](#), hvor også selve konferansen finner sted.

Hovedprogram | Torsdag 30. januar 2025

09.00

Kunstig intelligens – muligheter og utfordringer

Eirik Solheim

09.45

Pause og utstilling

10.05

Kan en presset kommuneøkonomi presse de etiske grensene?

Tina Søreide, konkurransedirektør

Line Fusbahl (H), leder av kontrollutvalget i Tromsø

Rannveig Mogren, kommunedirektør i Gausdal kommune og nestleder i styret i Norsk
Kommunedirektørforum

11.00

Pause og utstilling

11.20

Helseplattformen – hva gikk galt?

Gjermund Gorset, kontrollutvalget i Trondheim kommune

Per Olav Nilsen, revisjonsdirektør i Trondheim kommune

Annette Gohn-Hellum, ekspedisjonssjef i Riksrevisjonen

12.05

Pause og utstilling

12.25

Kommunalt lederskap: Når status quo ikke er alternativet

Agnar Kaarbø, politisk redaktør i Kommunal Rapport

13.00

Lunsj

Minikurs | Torsdag 30. januar 2025

Valgfrie tilbud parallelt med hovedprogrammet

(OBS krever særskilt påmelding - begrenset antall plasser)

10.05 - 11.00

B. Økonomistyringssystemene og de økonomiske rammene for kommunene

Knut Erik Lie, seniorrådgiver i NKRF og utredningsleder i Foreningen for god kommunal
regnskapsskikk (GKRS)

11.20 - 13.00

C. Forstå det kommunale regnskapet

Inger Anne Ankersen, Viken kommunerevisjon IKS

Det tas forbehold om endringer i programmet.